



Arbeidsrapport nr. 220

Johan Barstad

Ung i Møre og Romsdal

Rapport frå ei spørjegransking
blant elevar ved vidaregåande skular
i Møre og Romsdal, hausten 2007

Johan Barstad

Frekvensar frå Ung i Møre og Romsdal

Oversikt over data frå spørjegransking
blant elevar ved vidaregåande skular
i Møre og Romsdal, hausten 2007

Arbeidsrapport nr. 220

Høgskulen i Volda Møreforsking Volda

2008

Prosjekt: Ung i Møre og Romsdal: analyse av data frå spørjegransking til elevar i vidaregåande skular

Prosjektansvarleg: Møreforskning Volda

Finansiering: Møre og Romsdal fylke

Forfattar: Johan Barstad, Møreforskning Volda

Ansvarleg utgjevar: Møreforskning Volda

ISBN: 978-82-7692-286-8 (elektronisk utgåve)

ISSN: 0805-6609

Sats: Johan Barstad

Distribusjon: <http://www.moreforsk.no/volda.htm>
<http://www.hivolda.no/fou>

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

Hausten 2007 vart Møreforsking Volda kontakta av Møre og Romsdal fylke med førespurnad om å gjennomføre ei spørjegransking blant elevar i vidaregåande skular i fylket. Granskinga skal skaffe informasjon som fylket treng i sitt arbeid med sitt arbeid for regional utvikling. Møreforsking gjennomførte denne spørjegranskinga i perioden oktober – november 2007. Resultata vart presenterte i form av ein frekvensrapport.

Denne granskinga nådde ut til ein stor del av ungdomen i Møre og Romsdal. Dette gjorde det aktuelt å gå noko vidare og analysere dei ulike problemstillingane nærare for å ha ein betre basis for fylket sitt vidare arbeid. Møreforsking tok opp dette med oppdragsgjevar, og det vart semje om å gå nærare inn på to av dei sentrale problemområda i spørjeskjemaet:

- Framtid i Fylket. Analyse av spørsmål som gjekk på kva kjennskap elevane hadde til utdannings- og jobbmulegheiter i fylket, kva tankar dei hadde om kvar dei ville slå seg ned etter vidaregåande skule – og i kva grad det kunne vere sannsynleg å verte buande/flytte attende til fylket seinare. Denne seksjonen hadde også spørsmål om kva elevane meinte var dei viktige grunnane til å verte buande her i fylket.
- Medverknad. Skjemaet hadde spørsmål retta mot det å delta i elevråd og ungdomsråd – samt det å vere politisk aktiv. Vi gjennomførte ein analyse av forhold kring dette – med tanke på at elevråds- og ungdomsrådsarbeid kan vere ein viktig inngangsport til lokal deltaking

Arbeidet med rapporten er finansiert av Møre og Romsdal fylke.

Volda, juni 2008

Johan Barstad

Innhald

Innhald.....	5
Oversikt over tabellar	7
Oversikt over figurar	8
Samandrag.....	11
Framtid i fylket.....	11
Medverknad.....	13
Datagrunnlag og metode	17
Datagrunnlaget	17
Spørjeskjemaet	18
To strategiar for å få svar	18
Bruk av Questback – eit internettbasert program.....	19
Svarfristar og puring	19
”Beredskap” for å kunne vere til hjelp	20
Nokre utfordringar som fekk konsekvensar for universet.....	20
Ungdom i vidaregåande skular.....	21
Brukargransking i vidaregåande skule.	22
Fråfall	22
Feilmargar – vurdering av datamaterialet	23
Bruk av omgrepet økonomiske regionar	24
Bo- og arbeidsmarkedsregion (BoA) kontra økonomisk region (ØR).....	25
Del 1 Framtid i fylket.....	27
Utdannings- og jobbtilbod i Møre og Romsdal etter vidaregåande skule.....	27
Meir om kjennskapen til utdanningsmulegeheiter i fylket.....	28
Meir om kjennskap til jobbmulegheitene i fylket	30
Oppsummering om kjennskap til mulegheitene.....	32
Kva skal du gjere når du er ferdig med vidaregåande skule?.....	34
Kvar ventar elevane å bu etter vidaregåande skule?	34
Tilbakeflytting – reknar elevane med å kome attende til fylket om dei først har reist ut? ..	40
Forventningar til framtidig bustad fordelt etter kvar elevane er lokalisert i dag.....	45
Grunnar til å ville busette seg i Møre og Romsdal.....	46
Burde også andre slå seg ned her i fylket?	48
Del 2 Medverknad.....	51
Elevråd som arena for medverknad.....	51
Innleiing – om elevråd.....	51
Har elevane vore elevrådsrepresentantar?.....	52
Deltaking i elevråd – relatert til karakternivå og det å fullføre vidaregåande skule	53
Opplæring i elevrådsarbeid	53
Korleis var denne opplæringa?.....	54
Kjenner du til arbeidet elevrådet gjer?	55
I kva grad meiner du at elevrådet har innverknad på det som skjer på skulen?.....	56
Samanheng mellom karakterar og det å delta i elevrådsarbeid.....	57
Kommunale ungdomsråd som arena for medverknad.....	58
Meiner elevane at ungdomsrådet har politisk innverknad	61
Kor godt vil du seie at du kjenner arbeidet som UR gjer?	63
Elevane si deltaking i ungdomsråda i kommunane	65
Har elevane tru på ungdomsrådet?	66
Kort oppsummering om ungdomsrådet.....	67

Frå elevråd til politisk arbeid	68
Kven er politisk aktive?.....	69
Kor godt kjenner du til det Møre og Romsdal fylke gjer for ungdom?	70
Vedlegg: Spørjeskjemaet som vart nytta	71

Oversikt over tabellar

Tabell 1	Oversikt over skular som var med i granskinga. Vist for tal elevar på Vg2 og VKII	17
Tabell 2	"Ung i Møre og Romsdal". Tal svar fordelt på fogderi. Vist i absolutte tal og i prosent	20
Tabell 3	Svarprosent – vist for bruttounivers og korrigert for gyldige fråfall.....	21
Tabell 4	Møre og Romsdal etter økonomiske regionar. Fordelt på regionar, kommuner og tal svar	25
Tabell 5	Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet som er i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skole fordelt etter kjønn	29
Tabell 6	Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal?	30
Tabell 7	Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal? Fordelt etter kjønn	31
Tabell 8	Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal? Fordelt etter studieretning og økonomisk region (vist for Ulstein og Ørsta/Volda)	32
Tabell 9	Når du er ferdig med vidaregåande skole, kva skal du gjere då? Fordelt etter fogderi.	34
Tabell 10	Når du er ferdig med vidaregåande skole, kva skal du gjere då? Fordelt etter studieår og lineval	35
Tabell 11	Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10-15 år?	40
Tabell 12	Kva er viktigaste faktorane for at du skal velje å verte buande i Møre og Romsdal. Fordelt etter studieretning og årstrinn	47
Tabell 13	Vil du anbefale venner utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal?	48
Tabell 14	Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant?	52
Tabell 15	Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant. Fordelt etter årstrinn og studieretning	53
Tabell 16	Har du fått opplæring i elevrådsarbeid?	53
Tabell 17	Korleis vurderer du denne opplæringa?	54
Tabell 18	Har du vore elevrådsrepresentant. Fordelt etter eleven sitt karakternivå.....	57
Tabell 20	Er det ungdomsråd i kommunen din?	58
Tabell 21	Krysstabell som viser samsvar mellom det å ha ungdomsråd i kommunen og det å kjenne til at det finst	59
Tabell 22	Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter økonomisk region og om det reelt finst Ungdomsråd i kommunen	60
Tabell 23	Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter studieår/studieretning og om det verkeleg er ungdomsråd i kommunen	61
Tabell 24	Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunen din?	61
Tabell 25	Kor godt vil du seie at du kjenner til det arbeidet som ungdomsrådet gjer?.....	63
Tabell 26	Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunen din. Fordelt etter kor godt ein kjenner arbeidet i ungdomsrådet	64
Tabell 27	Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din?	65
Tabell 28	Kor godt kjenner du det arbeidet Møre og Romsdal fylke gjer for ungdom. Vist for dei som svara dei kjende arbeidet svært eller ganske godt. Fordelt etter om ein har vore representant eller ikkje	70

Oversikt over figurar

Figur 1	Oversikt over innkomne svar, fordelt etter dato for svar. Purredatoar markert med annan farge	19
Figur 2	Oversikt over økonomiske regionar i Møre og Romsdal. Dei vidaregåande skulane er markerte innan kvar region	24
Figur 3	Kor godt kjenner du til mulegheitene for utdanning og jobb i Møre og Romsdal?	27
Figur 4	Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter økonomisk region skulen ligg i.....	28
Figur 5	Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter studieretning.....	29
Figur 6	Kor godt kjenner du til jobbmulegheitene som finst i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter økonomisk region.	30
Figur 7	Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter studieretning.....	31
Figur 8	Når du er ferdig med vidaregåande skule, kva skal du gjere då? Fordelt etter økonomiske regionar	36
Figur 9	Oversikt over kvar elevane reknar med å verte buande etter vidaregåande skule. Fordelt etter fogderi.....	37
Figur 10	Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skule? Fordelt etter kjønn	38
Figur 11	Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skule? Fordelt etter studieretning	39
Figur 12	Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skule? Fordelt etter kjønn og studieretning	40
Figur 13	Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 – 15 år. Fordelt etter alder (2. eller 3. år) og studieretning	41
Figur 14	Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 - 15 år. Fordelt etter kor godt eleven trivst i heimkommunen sin.....	42
Figur 15	Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 - 15 år. Fordelt etter kva eleven reknar med å gjere etter vidaregåande skule.....	43
Figur 16	Når du er ferdig med vidaregåande skule, kva skal du gjere då? Fordelt etter karakternivå.....	43
Figur 17	Er det sannsynleg at du bur i fylket om 10 - 15 år. Fordelt etter kjønn og kva eleven skal gjere etter vidaregåande skule	44
Figur 18	Kva er viktigaste faktorane for at du skal velje å busetje deg i Møre og Romsdal?	46
Figur 19	Vil du anbefale venner utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal? Fordelt etter klassetrinn og studieretning.....	49
Figur 20	Vil du anbefale vener utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal. Vist etter økonomiske regionar	49
Figur 21	Oversikt over regionane som merkjer seg mest ut når det gjeld det å ville oppmode kjenningar utanfrå om å busetje seg i fylket.....	50
Figur 22	Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant? Fordelt etter økonomisk region	52
Figur 23	Korleis vurderer du denne opplæringa? Fordelt etter om ein har røynsle som elevrådsrepresentant frå ungdomsskule eller vidaregåande	55
Figur 24	Kor godt vil du seie at du kjenner til arbeidet som elevrådet gjer på skulen din? Fordelt etter om ein har vore elevrådsrepresentant	55

Figur 25	Korleis vurderer du elevrådet sin innverknad på det som skjer på skolen din. Fordelt etter om eleven har vore elevrådsrepresentant.....	56
Figur 26	Oversiktskart som viser kva kommunar som hadde Ungdomsråd i 2007.....	58
Figur 27	Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter kjønn og om kommunen verkeleg har Ungdomsråd	60
Figur 28	Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunene din?	62
Figur 29	Kor godt vil du seie at du kjenner til det arbeidet som ungdomsrådet gjer?.....	63
Figur 30	Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din? Fordelt etter økonomisk region.....	65
Figur 31	Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din. Fordelt etter om ein meiner ungdomsrådet har politisk innverknad	66
Figur 32	Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din? Fordelt etter kor godt eleven kjenner arbeidet ungdomsrådet gjer.....	67
Figur 33	Rekruttering til deltaking. Om elevar med røynsle frå elevråd og/eller ungdomsråd oftare er politisk aktive enn elevar utan slik røynsle.....	68

Samandrag

Hausten 2007 gjennomførte Møreforskning Volda på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke ei spørjegransking blant 2. og 3. års elevane i den vidaregåande skulen i fylket. Granskinga vart gjennomført som ei web-basert gransking i oktober 2007. Ei enkel frekvensutskrift med tabellar og figurar vart laga sendt til oppdragsgjevar i løpet av november 2007. Denne vart seinare utvida med ein gjennomgang av opplegg og metode for granskinga og gjeven ut som eigen arbeidsrapport (Barstad og Tangen 2008).

Vidare vart det avtala at Møreforskning skulle utarbeide ein enkel rapport retta mot to av granskinga sine hovudtema:

- Framtid i fylket. Om kjennskap til vidare utdannings- og jobbtilbod i fylket og kva elevane rekna med å gjere etter avslutta vidaregåande skule. Dette tok og opp problemstillingar kring framtidig busetjing, utflytting, tilbakeflytting o.a.
- Medverknad. Om elevane si deltaking i elev- og ungdomsråd samt politisk deltaking

Dette arbeidet vart gjennomført i perioden mars – april 2008.

Granskinga omfatta i utgangspunktet knapt 4200 elevar. Grunna manglar ved adresselistene var det kring 300 elevar som ikkje vart kontakta. Dette gav eit nettounivers på 3900 elevar. Av desse var det i alt 1530 som svarte, noko som gav ein svarprosent på 39,2 prosent. Vi gjorde ein nøye gjennomgang for å vurdere eventuelle representativiteten. Målt opp mot dei bakgrunnsvariablar vi kunne nytte her, viste det seg at vårt materiale i høg grad var representativt. Vidare estimerte vi normal feilmargin til å ligge innan eit intervall på +/- 2 %.

Framtid i fylket

Samla sett var det kring 1/3 av elevane som svarta at dei kjende utdannings- og jobbmulegheitene i fylket etter vidaregåande skule godt eller svært godt. Både på fylkes- og fogderinivå var dette biletet. Når vi braut det vidare ned på økonomiske regionar og på enkeltskulenivå såg vi at det var større variasjonar. T.d. at Surna-regionen hadde langt høgare %-del som kjende utdanningsmulegheitene godt/svært godt enn resten av fylket (50 %) og at skular som Borgund, Herøy og Kristiansund hadde langt høgare %-del som kjende utdanningsmulegheitene svært godt (10 % mot 5 % for fylket). Rett nok kunne det verte relativt få svar på økonomisk region- eller skulenivå, men fordelinga tyder likevel på at der er skilnadar og at dette kan ha med korleis ein legg opp arbeidet med å informere om mulegheitene på den enkelte skule/region. Vårt materiale gav ikkje høve til å gå nærare inn på dette, men det er klårt eit interessant tema for vidare studiar.

For jobbmulegheitene i fylket etter vidaregåande såg vi større variasjonar på regionnivå. Det kan sjå ut til at denne kjennskapen er størst i regionar der industriarbeidsplassar er mest dominerande (Ulsteinregionen, Sunndal). I regionar med større innslag av tenesteyting slår dette ikkje like klart ut (t.d. Moldere regionen). Vidare såg vi at kjennskapen i stor grad såg ut til å vere kopla til tilbod "nær" elevane. Dette såg vi m.a. om vi samanlikna elevar frå Ulsteinregionen med elevar frå Ørsta/Voldaregionen.

Elles såg vi at elevar på yrkesretta liner i regelen var betre kjent med både utdannings- og jobbmulegheitene enn elevar på dei studieførebuande. Vi såg vidare at desse elevane oftare sikta seg inn på arbeid/bustad i fylket allereie rett etter vidaregåande – det er difor å vente at desse også skulle vere betre orientert om kva mulegheiter som finst i fylket.

Elevar flest ser føre seg at dei kjem til å flytte etter vidaregåande skule. Berre 16 % rekna med å bli buande på heimlassen og ytterligare 6 % rekna med å bli buande ein annan stad i fylket. 35 % av elevane hadde enno ikkje bestemt seg. Vi såg at denne prosenten minka noko etter som elevane vart eldre. Vi såg også at prosenten var høgare blant tredjeårselevane på dei studieførebuande enn på dei yrkesretta retningane.

Dei tre fogderia har noko ulik ”retning”. Dette ser vi først og fremst på %-delen som vil flytte til dei ulike storbyane. På Nordmøre – og i Romsdal er det Trondheim som først og fremst lokkar. På Sunnmøre Bergen. Det er muleg at dette kan ha med tradisjonelle kontaktmønster å gjere: Sunnmøre som del av eit vestland med Bergen som byen, og Romsdal/Nordmøre som i sterkare grad identifiserer seg med Trøndelagsregionen. Det er ingen fogderi som har Oslo som førsteval.

Når det gjeld trua på at ein kan kome til å flytte attende (”vere buande i fylket om 10-15 år”) såg vi eit klårt skilje mellom dei som rekna med å flytte til Oslo og dei som rekna med å flytte til dei to andre storbyane. Om ein såg føre seg flytting til Oslo var det mindre sannsynleg at ein ville vere buande i heimfylket om 10-15 år enn om ein såg føre seg flytting til Trondheim eller Bergen. Det virka som om elevane i større grad såg på Trondheim og Bergen som mellomstasjonar, som stadar å ta høgare utdanning og skaffe seg jobberfaring framfor å vere stadar ein rekna med å flytte til for godt. Elevane si eiga vurdering av karakternivået sitt støtta opp under dette. Det var i regelen elevane med dei høgaste karakterane som valde seg Trondheim og Bergen.

Når elevane vart spurde om kva som skulle til for at dei skulle busetje seg i Møre og Romsdal, var det tilhøve kring jobb (interessant, relevant og godt betalt jobb) og tilknyttinga til familie, heimstad og vener som var viktigaste faktorane. Gutane er noko meir opptekne av at jobben skal vere godt betalt, jentene noko meir av at jobben skal vere interessant og relevant.

Tredjeårselevane (yrkesretta) legg noko større vekt på at ein interessant/relevant jobb er viktig og er villige til å renonsere noko når det gjeld løn. Dei er og mindre opptekne av nærleik til familie og vener enn det andreårselevane er. Noko som kan ha samanheng med at desse elevane snart skal møte realitetane – det er snart slutt på å ønske seg – no må dei velje blant det som faktisk er muleg.

Elevar på studieførebuande retningar er i utgangspunktet meir innstilt på å flytte ut. Her ser vi at dette bl.a. slår ut ved at dei er mindre opptekne av løn som verkemiddel og meir opptekne av andre typer faktorar, som kultur- og fritidsaktivitetar (faktorar som ein ofte reknar vert betre dekt opp på meir sentrale stader).

Svara vi fekk på spørsmålet om ein vil anbefale vener utanfrå å skulle slå seg ned i Møre og Romsdal tyder på at elevar flest meiner fylket er ein god stad å bu. Berre 14 % ville ikkje anbefale vener om dette. Jentene er noko meir usikre enn gutane om dei vil anbefale sine venner å slå seg ned. Jentene gav og i større grad uttrykk for at dei rekna med å flytte ut etter vidaregåande.

Medverknad

I denne delen såg vi på deltaking og vurderingar omkring elevråd og ungdomsråd. Dette vart sett opp mot deltaking i politiske aktivitetar. Kring 38 % av elevane hadde vore elevrådsrepresentantar anten på ungdomsskulen eller i den vidaregåande skulen. Dette varierer frå vel 40 % av elevane i Molderegionen til knapt 35 % i Kristiansundregionen. Det var ingen særlege skilje mellom gutar og jenter. I og med at vi har elevar frå 2. og 3. året på dei yrkesretta linjene, kan vi sjå at det er slik at deltakinga aukar med alderen. Dette tyder på at stadig fleire vert rekruttert inn og får denne erfaringa – det er ikkje slik at dei same elevane har slike verv gjennom heile skuletida. Vi kan og merke oss at det er fleire blant elevane på dei studieførebuande retningane som har si elevrådsrøynsle frå ungdomsskulen enn for elevar på dei yrkesretta. Dette gjev ein indikasjon på at ein på ungdomsskulen ikkje rekrutterer jamt frå alle elevgruppene.

Det kan sjå ut til at elevrådsarbeid er meir teke ”på alvor” på vidaregåande skule enn på ungdomsskulen. I alle høve var det slik at det var vanlegare å ha fått opplæring i elevrådsarbeid om ein hadde røynsle frå vidaregåande enn frå ungdomsskulen. Elevane er vidare rimeleg godt nøgde med den opplæringa dei har fått, også her er det elevar med opplæringa frå vidaregåande som er mest nøgde med den.

Naturleg nok er det elevar som sjølv er/har vore elevrådsrepresentantar som best kjenner arbeidet elevrådet gjer. Men vi ser og at om du berre har vore representant på ungdomsskulen, så gjev det ikkje gevinst i høve til det å kjenne til elevrådets arbeid på vidaregåande. Dette tydar på at elevrådsarbeid er noko som først og fremst angår dei som sjølve er involvert.

Vi ser ikkje same skiljet for spørsmålet om å vurdere elevrådet sin innverknad. Elevar flest svarar at dei ikkje vurderer elevrådet til å ha særleg innverknad på det som skjer på skulen.

Elevar med gode karakterar er hyppigare representert i elevråd enn elevar med lågare karakterar. Dette skulle tyde på at elevane sine evner (her målt ved eiga vurdering av karakternivå) er med å bestemme i kva grad elevar vert rekruttert inn som elevrådsrepresentantar. Dette vert då eit viktig punkt å merke seg med tanke på rekruttering: korleis kan ein jobbe for at ein skal rekruttere meir jamt, korleis trekkje meir med også dei som er mindre skuleflinke?

Når det gjeld ungdomsråda må vi nemne at det kan finnast ulike typer av ungdomsråd med ulike former for makt og mynde. I spørsmåla vart det ikkje skilt mellom desse. Vi merka oss at det var ein del elevar som svara at det var ungdomsråd i kommunen deira sjølv om det ikkje var registrert noko slik – og ein del som svara at det ikkje fanst sjølv om det var registrert ungdomsråd. Vi merka oss at jentene her i regelen var betre informert enn gutane (i kommunar som hadde ungdomsråd).

Elevar flest ser ikkje at ungdomsrådet har særleg politisk innverknad (16 % svara stor/nokså stor innverknad). Relativt mange svarar at dette veit dei ikkje noko om (39 %). Det er særleg elevar frå Sunndal- og Surna regionen som har tru på at rådet har politisk innverknad. Elevar frå Ørsta/Volda har i svært liten grad tru på at rådet har politisk innverknad. Dei kjenner heller ikkje godt til arbeidet som ungdomsrådet gjer (17 % svært eller ganske godt). Oppsummert kan vi seie at det er geografiske skilje både på oppfatninga av i kva grad elevane kjenner til arbeidet i ungdomsrådet og i kva grad dei meiner at rådet har politisk innverknad. Desse svara skulle dermed reflektere det at ungdomsråd og arbeidet der er tett knytt til den

geografiske eining det tilhører og at svara nok reflekterer den fokus det er på ungdomsråd rundt om i kommunane. Hovudinntrykket er at elevane har lita tru på at rådet har politisk innverknad, noko som også kan vere med å forklare at så få ser ut til å engasjere seg inn i arbeidet.

Berre 11 % av elevane har sjølve røynsle frå ungdomsrådsarbeid. Denne andelen varierer sterkt, frå 7 % i Surna til 13 % i Ørsta/Volda. Dette illustrerer nokre interessante trekk:

- Surna-regionen, som vi lenger framme såg merke seg ut ved at elevane der både hadde best kjennskap til om det fanst Ungdomsråd i kommunen, hadde størst tru på at ungdomsrådet hadde politisk innverknad og i størst grad meinte at dei hadde god kjennskap til arbeidet ungdomsrådet dreiv, kjem her ut som den region som har klart færrast elevar som har vore ungdomsrådrepresentantar.
- Når så elevar i denne regionen likevel er best orientert inn mot ungdomsrådet, må dette tyde på at ein i kommunane/lokalsamfunna her har makta ha eit langt større fokus på ungdomsrådet og kva dette kan vere enn t.d. i Ørsta/Volda regionen (som i denne figuren kjem ut med høgast %-del ungdomsrådsrepresentantar).

Dette tyder på at det ikkje er nok å ha ungdomsråd, det må vere "aktivert" også: ha fått oppgåver/innverknad som gjer at det kan vise att lokalt.

Frå elevråd til politisk arbeid

Vi såg at det å ha deltatt/delta i elevråds- eller ungdomsrådsarbeid i stor grad korrelerte med å vere politisk aktiv. Om eleven hadde vore eller var elevrådsrepresentant var det 2 ½ gong så stor sjans for at vedkomande også var aktiv i politisk arbeid enn for andre elevar. For elevar som var/hadde vore ungdomsrådsrepresentantar var sjansane 7 gonger større. Materialet vårt let oss ikkje seie noko om samanhengen her, om det er politisk interesse som fører til at ein engasjerer seg i elevråd eller om det at ein kjem med i ungdomsråd sporar til politisk innsats. Men vi kan observere at der er ein samvariasjon. Dette gjer det interessant å kunne gå nærare inn og studere dette

Oppsummering

Det vi har sett i denne enkle granskinga er at det kan observerast skilnader mellom i kva grad ungdom frå fylket kjenner til slik som utdannings- og jobbmulegheiter, i kva grad dei vil verte buande i fylket og i kva grad dei har engasjert seg/blitt engasjert i ulike former for deltakande prosessar. Vi har sett at det kan vere ganske klare skilnader på regionnivå og på skulenivå, men vi har ikkje hatt høve til å gå nærare inn på desse.

Ut frå det vi har sett vil vi tru at ein vidare analyse på lokalnivå vil kunne avdekkje mykje av dette, vil kunne vere med å gje gode forklararar på kvifor kjennskap til ulike faktorar er ulik etc. Truleg vil mykje av dette kunne forklarast gjennom å få betre kunnskap om dei ulike metodar og strategiar som er lagt på arbeidet med desse tema. Er det nokre skular som meir enn andre systematisk arbeider med å informere elevane om lokale mulegheiter, som legg vekt på å bygge nettverk mellom skule, elevar og lokalt næringsliv? Er det kommunar som i større grad enn andre prøver bruke ungdomsrådet aktivt, både til å la det vere eit reelt organ med faktiske oppgåver og makt og med tanke på å late det vere ei innføring i politisk deltaking inn mot andre aktuelle fora?

Ein studie av slike tilhøve ville måtte gjennomførast som ei intervjugransking, kanskje kopla til ei mindre spørjegransking. Siktemålet måtte vere å få fram informasjon om kva som vert gjort der ein ser ut til å nå fram – kva er det som karakteriserer desse skulane/kommunane? Er det eldsjeler? Er det arbeidsmetodane? Eller er det reine tilfeldigheter som ikkje kan gjenskapast? I dag veit vi ikkje, men for utviklinga i fylket ville det vere svært interessant å ha visst meir om dette.

Datagrunnlag og metode

Datagrunnlaget

Granskinga var retta mot elevar på tredje årstrinn (for skuleåret 2007/2008 gjeld dette då elevar som gjennomfører VKII). Granskinga omfatta alle elevane, både frå studieførebuande og frå yrkesfaglege retningar. Då oppdragsgjevar visste at ein relativt stor del av elevane på dei yrkesfaglege retningane ville vere ute i praksis/som lærlingar i den perioden granskinga skulle gjennomførast, valde ein også å inkludere elevane frå dei yrkesfaglege retningane på 2. årstrinnet (dei som gjennomfører Vg2 (i skuleåret 07/08).

Granskinga var retta mot dei offentlege skulane, dvs at private gymnas ikkje var med. Berre skular der Møre og Romsdal fylke er eigar var inkluderte. Tabellen nedanfor viser korleis elevane då fordelte seg på skular og årstrinn.

Tabell 1 Oversikt over skular som var med i granskinga. Vist for tal elevar på Vg2 og VKII

	Kommune	Skole	Årstrinn		Elevar i alt	
			Vg2	VKII		
Sunnmøre	Ålesund	Borgund vidaregåande skole	328	56	384	
	Ålesund	Fagerlia vidaregåande skole	41	344	385	
	Haram	Haram vidaregåande skole	31	58	89	
	Herøy	Herøy vidaregåande skole	106	27	133	
	Ålesund	Spjelkavik vidaregåande skole	0	179	179	
	Stranda	Stranda vidaregåande skule	7	62	69	
	Sykkylven	Sykkylven vidaregåande skule	16	62	78	
	Ulstein	Ulsteinvidaregåande skule	35	198	233	
	Volda	Volda vidaregåande skule	11	188	199	
	Ørskog	Ørskog vidaregåande skule	64	0	64	
	Ørsta	Ørsta vidaregåande skule	106	38	144	
	Ålesund	Ålesund vidaregåande skole	171	130	301	
	Romsdal	Fræna	Fræna vidaregåande skole	76	130	206
		Vestnes	Gjermundnes vidaregåande skule	33	30	63
Molde		Molde vidaregåande skole	0	239	239	
Rauma		Rauma vidaregåande skole	35	45	80	
Molde		Romsdal vidaregåande skole	257	198	455	
Nordmøre	Kr.sund	Atlanten vidaregåande skole	0	166	166	
	Kr.sund	Kristiansund vidaregåande skole	273	167	440	
	Sunndal	Sunndal vidaregåande skole	60	46	106	
	Surnadal	Surnadal vidaregåande skole	40	63	103	
	Tingvoll	Tingvoll vidaregåande skole	7	40	47	
		22	1697	2466	4163	

I alt omfatta dette 4163 elevar, 1697 frå Vg2 (2.åringar) og 2466 frå VKII (3. åringar). Oppdragsgjevar skaffa fram namnelister der det også var påført e-postadresser. Desse e-postadressene var blitt henta inn frå den enkelte skule ut frå dei meir eller mindre fullstendige

oversiktene ein der hadde laga seg. Når vi fekk listene i hende var det i alt kring 700 elevar som mangla e-post adresse. Vi visste heller ikkje om/i kva grad dei e-post adressene vi hadde framleis var gjeldande.

Vårt arbeid starta med å gå gjennom desse listene og kontakte skulane der ein hadde elevar utan e-postadresser (nokre av skulane hadde e-postadresser på alle) for om muleg å skaffe fleire e-postadresser. Oppdragsgjevar kontakta då først skulane og informerte om at Møreforskning ville ta kontakt. Vi ringde så skulane og avtala med den enkelte skule korleis ein skulle få fatt i fleire e-postadresser. Dette resulterte i at vi fekk redusert talet på elevar utan e-postadresse til ca 470.

Spørjeskjemaet

Parallelt med dette arbeidde vi med å gjere spørjeskjemaet klart. Som nemnt var det oppdragsgjevar som utforma spørsmåla. Vår innsats var avgrensa til å gå gjennom utkast og kommentere desse m.a. med tanke på kva vi visste om korleis spørsmål burde utformast når dei skal med i elektronisk skjema. Utkast til spørjeskjema vart også sirkulert blant fagfolk i høgskulemiljøet med kompetanse innan spørjeskjemaforming og innan problemstillingar som gjeld barn og unge.

Ein kort dialogprosess vart så gjennomført for å ferdigstille spørjeskjemaet, der våre utkast vart sende til oppdragsgjevar for kommentar/godkjenning. I og med at vi ikkje har hatt ansvar for å utforme spørjeskjemaet, vel vi ikkje å gå nærare inn på utforminga i denne rapporteringa. Spørjeskjemaet ligg ved som vedlegg.

To strategiar for å få svar

Det at vi til slutt sat att med 470 elevar utan e-post adresse, gjorde at vi laut ha to strategiar for å få gjennomført granskinga på tilfredsstillande måte:

- dei elevane vi hadde e-postadresser til skulle få invitasjonen tilsendt direkte via e-post
- dei elevane som vi ikkje kjende e-post adressa til e-post laut få eit invitasjonsbrev med informasjon om korleis dei kunne få tilgang til det elektroniske spørjeskjemaet. Dette vart ordna med eit brev retta direkte til den enkelte elev. Dette brevet vart delt ut gjennom skulane.

I samarbeid med oppdragsgjevar vart det og gjort eit arbeid med å informere skulane om at granskinga skulle gjennomførast. Oppdragsgjevar (skuleeigar) sende ut e-post der skulane v/ rektor m.a. vart oppmoda om å kontakte klassestyrar/kontaktlærer for dei klassene som granskinga omfatta og be dei om å lage ein plan for gjennomføring av granskinga i den enkelte klassen. Det vart t.d. føreslått at ein skulle setje av tid i ein klassetime for at elevane skulle kunne gjennomføre svaring på same tid, eller at ein kunne gje elevane i "heimelekse" å svare på skjemaet. Ut frå det vi kunne sjå i ettertid var det så å seie ingen klasser som organiserte slik gjennomføring på felles tidspunkt. Dei kontaktar vi har hatt med skulane i ettertid tyder også på at det var varierende i kva grad det vart kommunisert ut til kontaktlærarane at granskinga skulle gjennomførast og at skuleeigar ønskte at skulen/kontaktlærer skulle bidra til å gjennomføre granskinga.


Bruk av Questback – eit internettbasert program

Som nemnt var det lagt opp til at elevane skulle svare på skjemaet via Internett. Til dette nytta vi programmet Questback, som høver svært godt til denne typen granskingar. Då mottek respondenten ein e-post med invitasjon til å delta med ein link til ei Web-side der svarskjemaet er å finne. Det vert i denne e-posten også informert om dei meir formelle sidene ved granskinga, at svararane er sikra anonymitet, at det er friviljug å delta etc. Dette er krav som datatilsynet stiller for at ein skal kunne gjennomføre slike granskingar,

Dei elevane som ikkje hadde e-postadresser fekk eit personleg stila brev med den same informasjonen og ein tilsvarende link inn til spørjeskjemaet. Brev vart sende samla til den enkelte skulen og der delt ut til dei elevane dette gjaldt. Det vart ikkje lagt opp til at ein skulle kunne svare på skjemaet ”på papir”. Dette skuldast i hovudsak tids- og ressursmessige grunnar.

Svarfristar og purring

Granskinga vart gjennomført i veke 43 og 44 i 2007. Gjennomføringa vart utsett til desse vekene for ikkje å kome i konflikt med haustferien (veke 42). Det vart opna for svar frå og med tysdag 22. oktober 2007. Vi hadde då sendt ut materiale til skulane på førehand slik at dei kunne gje naudsynt informasjon og ha høve til å organisere gjennomføringa. Dette var sendt ut så tidleg at vi skulle vere sikre på at alle skulane hadde fått dette i hende seinast mandag 21. oktober.



Figur 1 Oversikt over innkomne svar, fordelt etter dato for svar. Purredatoar markert med annan farge

Den røynsle vi har frå internettbaserte spørjegranskingar tilseier at ein lyt bruke korte og hyppige svarfristar. Enkelt sagt ser det ut til at purring bør sendast ut når e-postinvitasjonen ikkje lenger viser på første side i respondenten sin innboks. I vårt høve var det mest praktiske

å gjennomføre 1. purring etter ei knapp veke (måndag 29. okt.). Ut frå talet på innkomne svar i dagane etter dette tok vi så avgjerda om ei 2. purrerunde torsdag 1. november. Figuren ovanfor viser korleis svara fordelte seg på dei ulike dagane.

I Questback vert purringar gjennomført ved at dei som ikkje har svart automatisk får tilsendt ein ny invitasjon på e-post på ein nærare angitt dato. For dei elevane som ikkje hadde e-post adresser kunne vi ikkje gjere dette, i og med at programmet her ikkje kunne vite kven som hadde svart eller ikkje. Men då denne gruppa utgjorde ein relativt liten del av elevane i alt, valde vi å avstå frå å purre på desse.

Sjølv om granskinga skulle gjennomførast i veke 43 og 44, heldt vi ope inn i veke 45 før vi stengde for svar (datainnsamlinga vart endeleg avslutta tysdag 6. november). På det tidspunkt hadde det kome inn i alt 1530 svar, 1287 frå elevar med e-postadresser, 243 frå elevar utan. Tabellen nedanfor viser korleis svara fordelte seg på skular i dei tre fogderia.

Tabell 2 "Ung i Møre og Romsdal". Tal svar fordelt på fogderi. Vist i absolutte tal og i prosent

	Tal svar	Prosent
Sunnmøre	837	55 %
Romsdal	418	27 %
Nordmøre	275	18 %
Tal svar i alt	1530	100 %

"Beredskap" for å kunne vere til hjelp

I gjennomføringsperioden hadde vi telefon- og e-postberedskap for å kunne svare på spørsmål som måtte dukke opp i tilknytning til granskinga. Om elevane hadde problem med å forstå spørsmåla, om det var noko som ikkje fungerte reint teknisk etc. kunne ein kontakte oss på telefon eller e-post. Det viste seg at det så å seie ikkje var nokon som tok kontakt på dette grunnlag. Ut frå det vi opplevde ser det ut til at det tekniske og praktiske ved spørjeskjemaet har fungert heilt "knirkefritt" og at elevane har hatt få problem med å forstå spørsmåla og svaralternativa.

Nokre utfordringar som fekk konsekvensar for universet

I løpet av den tida som granskinga var open fekk vi via e-post ein del tilbakemeldingar som gjekk på andre ting:

- at e-postadressa var feil. Vi hadde "vaska" listene for feilskrivningar, men likevel fekk vi eit mindre tal automatisk genererte responsar som viste til at det ikkje kunne eksistere noko e-postadresse med den gjeldande ordlyd/skrivemåte. Dette utgjorde i alt ca 30 responsar.
- at e-postadressa ikkje lenger var aktiv. Dette skuldast truleg at adressene var samla inn av skulane opp til eit år attende i tid, og at dei t.d. kunne relatere seg til adressa til ein pårørende eller til ein arbeidsstad der eleven hadde jobba. Dette var såleis e-postadresser som hadde blitt nytta i ein eller annan kommunikasjon med skulen og adressa var så blitt registrert som eleven sin e-postadresse utan at det vart gjennomført

skikkeleg kvalitetssikring på om det verkeleg var eleven si adresse. Det var i alt eit relativt stort tal på slike, over 250 i alt.

- at mottakar var ein vaksen person. Det vil alltid vere eit mindre tal vaksne elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring. I og med at spørjeskjemaet tematisk var retta mot det å vere "Ung i Møre og Romsdal" var det slik at vaksne som mottok spørjeskjemaet ikkje kjende at skjemaet var retta mot dei. Fleire av desse valde difor å gje oss tilbakemelding om at dei avstod frå å svare sidan spørsmåla så openbart ikkje var retta mot dei. Dette utgjorde i alt ca 20 responsar.

Samla sett betydde dette at opp mot 300 fall ut frå universet. Dette var elevar som anten ikkje meinte seg relevante til å svare (dei var for gamle), eller som aldri høve til å svare fordi det hefta feil ved e-postadressene deira. Vi valde difor å korrigere universet for desse. Dette gav oss eit tal på ca 3900 elevar (avrunda) som både skulle ha motteke invitasjon om å svare på skjemaet og som ikkje hadde definert seg ut av målgruppa.

Tabell 3 Svarprosent – vist for bruttounivers og korrigert for gyldige fråfall

	Tal	Svarprosent	
Tal elevar i alt	4.163	 36,8 %	 39,2 %
Tal "gyldige fråfall"	263		
Tal respondentar i alt (avrunda)	3.900		
Tal på gyldige svar i alt	1.530		

Som tabellen viser fekk vi svar frå i alt 39,2 % av dei elevane som blei invitert til å svare og som ikkje opplevde granskinga som irrelevant for dei. Ser vi det i forhold til bruttouniverset vert svarprosenten 36,8. Vi vil nytte 39,2 % i vårt arbeid ut frå at vi meiner dette er rettast for å vise den reelle responsen. Dei som ikkje fekk invitasjonen kunne heller ikkje svare.

Ungdom i vidaregåande skular

Om vi ser på tilgjengeleg statistikk, ser vi at langt dei fleste ungdomane tek til på vidaregåande skule. Tal frå Møre og Romsdal for dei som gjekk i vidaregåande skule for 2006 viser at meir enn 97 % av 16-åringane i fylket var registrert som elevar ved ein vidaregåande skule. Talet held seg godt oppe også for 17. åringane (96 %). For 18. åringane kan vi sjå at andelen fell til ca 65 %. Dette er tal som i stor grad ligg på same nivå som dei landsdekkjande tala. Studiar av fråfall i vidaregåande utdanning har elles vist tendensar i same retning – at det er kring to tredeler av elevflokkjen som fullfører vidaregåande på normert tid.

For denne granskinga sitt vedkomande betyr dette at vi gjennom å gå ut med spørjeskjema til elevane i den vidaregåande skulen, når ut til ein svært høg del av ungdomen i fylket. Sjølv om vi berre gjekk ut til 3. årstrinn og supplerte med 2. årstrinn for dei yrkesretta retningane, betyr dette at vi har eit univers som utgjør ca 1/3 av talet på ungdom mellom 16 og 19. år her i fylket. Dermed vil svara vi får inn ha rimeleg høg relevans for ungdom generelt i fylket, ikkje berre elevar ved dei offentlege vidaregåande skulane.

Brukargransking i vidaregåande skule.

I Utdanningsdirektoratet si regi vert det kvart år gjennomført brukargransking blant elevar i grunnskule og vidaregåande skule i Noreg. For granskinga våren 2007 ser vi at svarprosent for tilsvarende elevgrupper¹ ligg på knapt 30 % for VK II (utan lærlingar) og 44 % for VKI (studieførebuande og yrkesretta samfengt).

Vår gransking var retta mot alle elevane i VKII, samt mot elevane på yrkesretta linjer i Vg2. Dette betyr at vår populasjon har langt større del av elevane frå dei yrkesretta studieretningane og også inkluderer elevar som for ein stor del ikkje hadde dagleg oppmøte på skulen i den aktuelle perioden (på landsbasis utgjer lærlingane ca 40 % av elevmassen på VKII-nivået). Dette er grupper der ein erfaringsmessig lyt pårekne lågare svarprosent enn for elevar flest. Likevel fekk vi svarprosent på minst same nivå som den landsomfattande granskinga, desse to årstrinna sett under eitt.

For den landsomfattande har vi diverre ikkje hatt tilgjenge til tal berre for Møre og Romsdal. Men vi har ingen grunn til å tru at det skal vere er svært store regionale skilje på dette nivået i desse tala. Møre og Romsdal ligg om lag på landsgjennomsnittet i svarprosent, heile granskinga sett under eitt.

Slik sett skulle vi kunne hevde at granskinga vår gjev minst like gode tal som dei vi kan få ut frå den landsomfattande brukargranskinga. I og med at våre data faktisk har ein breiare representasjon frå elevar på 3. årstrinn, skulle den på mange måtar kunne vere betre.

Fråfall

Det er eit problem med alle granskingar der det er friviljug å svare at det vert eit visst fråfall – og at dette fråfallet ikkje er jamt fordelt i populasjonen. Ein veit at det i granskingar i skulen vil vere slik at fagleg svake elevar gjerne har høgare fråfall og at elevar med ulike andre vanskar og problem også har eit høgare fråfall. Men dette gjeld alle slike granskingar, og vil venteleg ikkje variere stort frå ei gransking til ei anna. I og med at vi her veit at vi har fått svar frå relativt fleire elevar på dei yrkesfaglege retningane, tyder det på at vi skal ha fått med noko fleire også frå dei gruppene som vanlegvis har høgaste fråfallet.

Vi har elles hatt høve til å kontrollere svara vi fekk inn opp mot viktige variablar som kjønn, studieretning og geografisk lokalisering (fogderi) for heile populasjonen. Det vi der fann var at det i svært høg grad er samanfall i mellom fordelinga på desse variablane i utvalet og i populasjonen.

Dette skulle tyde på at vi har eit materiale som på alle område vi kan sjekke det ut er representativt for populasjonen, men som likevel har sine avgrensingar knytt til fråfallet – på linje med kva ein finn i slike granskingar generelt.

¹ sjå t.d. Danielsen, Inger-Johanne, Skaar, Karl og Skaalvik Einar M.: (2007) ”De viktige få” Analyse av Elevundersøkelsen 2007. Viser til Figur 1 s. 17. Oxford Research, Kristiansand

Feilmarginar – vurdering av datamaterialet

Som vi har vore inne på har vi her eit omfattande datamateriale. Det er totalt svar frå 1530 av ca 3900 elevar, og svarprosenten ligg på linje med – eller over – svarprosent frå den landsomfattande brukargranskaing blant elevar i grunnskule og vidaregåande skule.

Relativt høg svarprosent er med på å sikre låge feilmarginar i svara. I same retning trekkjer at våre kontrollar av datamaterialet opp mot relevante karakteristika for heile populasjonen viser svært godt samanfall.

Berekning av feilmarginar er likevel ingen eksakt vitskap, det avheng m.a. av populasjonsstorleik, svarprosent og svarfordeling(resultat) og ikkje minst om utvalet med rette kan kallast eit tilfeldig utval frå populasjonen.

Gitt det vi har drøfta ovanfor ser vi at vårt materiale vil kunne seiast vere frå eit utval med sterke trekk av å vere tilfeldig. For dei variablar vi har høve til å kontrollere fyller utvalet krava til å vere representativt – for andre har vi indikasjonar på at vårt utval heller er meir representativt enn t.d. den nasjonale brukargranskaing.


Vi går ikkje her inn på korleis feilmarginen kan bereknast². Den vil heller ikkje vere konstant, men varierer i stor grad etter om ein har resultat mot ”ytterpunkta” eller mot ”midtpunkta” på ein skala (ulikt om det for eit svar er 10 % eller 45 % som t.d. svara Ja). Ut frå ei vurdering av slike tilhøve har vi enda opp med å seie at for dette materialet vil feilmarginen generelt ligge innan eit intervall på +/- 2 % frå dei observerte verdiane.

² Sjå t.d. Johansen, V. (2007), Det lille kvantitative metodeheftet. (side 34) ØF-notat nr 17/2007

Bruk av omgrepet økonomiske regionar

I denne rapporten har vi fleire gonger brukt ei inndeling etter økonomiske regionar for å beskrive materialet. Dette krev at vi kort går gjennom og forklarar omgrepet og kvifor vi har valt å bruke dette.

Økonomiske regionar er eit omgrep utvikla og brukt av Statistisk Sentralbyrå. Omgrepet har sterke inndelingsmessige likskapar med bu- og arbeidsmarknadsregionar, men gjev vanlegvis ei noko grovare inndeling. I dette arbeidet var dette avgjerande. Stort sett var inndelinga samanfallande med den vi fekk om vi nytta bu- og arbeidsmarknadsregionar – og vi slapp å måtte operere med mange småregionar. Vi viser inndelinga på eit kart over fylket:



Figur 2 Oversikt over økonomiske regionar i Møre og Romsdal. Dei vidaregåande skulane er markerte innan kvar region

Det er særleg to regionar som vert store: Ålesundregionen – som her femner om heile ÅRU (minus Vestnes) og Molde regionen som femner om Romsdalskommunane pluss Eide og Gjemnes. Nedanfor ordnar vi regionane etter næringsstruktur:

Sumaregionen:	Primær
Ulstein, Sunndal og Kr.sund regionane:	Industriprega (Industri-maritim, industri-primær og industri-service)
Molde og Ålesundregionane:	Byregionar, service (privat og offentleg)
Ørsta/Voldaregionen	Serviceprega (offentleg)

Tabellen nedanfor viser svarfordelinga etter kva kommune eleven bur i og økonomisk region. Vi ser at det er mange kommunar som har relativt få svar. Dette gjer at det ikkje er muleg å presentere data på kommunenivå – anna enn i spesielle høve. Vi har difor valt å nytte økonomisk region som standard geografisk inndeling på lågare nivå enn fogderi.

Tabell 4 Møre og Romsdal etter økonomiske regionar. Fordelt på regionar, kommuner og tal svar

Ålesundregionen		Ulsteinregionen		Kr.sundregionen	
Ålesund	184	Vanylven	27	Kristiansund	113
Ørskog	11	Sande (M. og R.)	23	Averøy	29
Norddal	13	Herøy (M. og R.)	92	Frei	26
Stranda	36	Ulstein	97	Smøla	10
Stordal	7	Hareid	47	Aure	6
Sykkylven	27				
Skodje	32	Molderegionen		Sunnalsregionen	
Sula	32	Molde	186	Tingvoll	15
Giske	39	Vestnes	63	Sunnal	37
Haram	37	Rauma	50		
Sandøy	3	Neset	23	Surna-regionen	
		Midsund	8	Surnadal	30
Ørsta/Voldaregionen		Aukra	22	Rindal	5
Volda	55	Fræna	46	Halsa	8
Ørsta	69	Eide	14		
		Gjemnes	7		

Bo- og arbeidsmarkedsregion (BoA) kontra økonomisk region (ØR)

I stor grad er desse to regiontypene overlappande. BoA er vanlegvis noko meir findelt, slik at dette ville gjeve fleire regionar og også færre kommunar i kvar region. Men – om vi ser på dei to store regionane (ØR) så vil desse i berre liten grad verte endra om vi i staden valde BoA

Ålesundregionen: Stranda og Nordal er skilt ut som eigen BoA

Sandøy er skilt ut som eigen BoA

Molderegionen: Rauma er skilt ut som eigen BoA

Ulsteinregionen: Vanylven er skilt ut som eigen BoA

Ørsta/Volda: Uendra

Sunnalreg: Uendra

Surnaereg: Uendra

Kr.sund reg: Smøla er skilt ut som eigen BoA Regionen vert elles berørt av kommunesamanslåingane, der Frei er gått inn som del av Kr.s (1.1.08) og Tustna som del av Aure (1.1.07). "Gamle" Aure var rekna som del av BoA i Sør-Trøndelag

Når det gjeld Aure

- svært få svar (6 av 184). Dette betyr at det ikkje slår ut i ulikskapar mellom dei to måla anten vi tek med Aure eller ei.

Når det gjeld Vanylven, Sandøy og Smøla:

- dette er tre småkommunar, og det er tre kommunar vi har svært få svar frå (27 av 286 – 3 av 412 – 10 av 184). Dermed vil svara i liten grad påverke fordelingane om vi samanliknar ØR med BoA.

Når det gjeld Rauma:

- for så vidt gjeld det same her – at det er totalt sett liten del av relativt stort tal svar (50 av 419).
- Her bør ein også tenke over om Rauma er reell som eige BoA i den moderne Romsdalsamanhengen? Nye kommunikasjonar bind Rauma tettare til Romsdal, så det kan vere litt problematisk å argumentere for eigen region.

Når det gjeld Stranda og Norddal

- for så vidt gjeld det same her – at det er totalt sett liten del av relativt stort tal svar (36 + 13 av 421).
- Her vil tru at desse to fungerer meir som eige BoA og slik kunne vere relevant å skilje ut som eigen region. Men det låge talet på svar gjer dette lite tenleg.

Eide og Gjemnes

Desse ligg ”teknisk sett” på Nordmøre men er både som ØR og BoA rekna med inn i Molderegionen.

Oppsummering:

I praksis betyr dette at vi vil få så å seie identiske resultat anten vi nyttar ØR eller BoA. I siste høvet ville vi måtte kutte ut å bruke data for Aure, Sandøy og Smøla (alt for få svar til å kunne bruke) og vi ville få problem med å bruke tala for Vanylven, Rauma og Stranda/Norrdal. Vi ville då sitje att med tal for inndelingar som tilsvara dei økonomiske inndelingane. Vi vel difor å bruke inndelinga etter ØR i denne rapporten


Del 1 Framtid i fylket

Denne delen av rapporten er bygd på svara som kom inn gjeldande ulike sider ved det å skulle bu og arbeide i Møre og Romsdal. Elevane vart spurde om dei kjende utdannings- og jobbmulegheitene som finst i fylket, kvar dei rekna med å busetje seg etter vidaregåande og om dei rekna med å bu i fylket om dei såg 10-15 år inn i framtida. Vidare vart dei spurde om kva som var dei viktige faktorane for at dei skulle busetje seg i fylket og om dei ville oppmode vener og kjende frå andre deler av landet om å busetje seg her. Desse spørsmåla vert her drøfta opp mot dei ulike bakgrunnsvariablane.

Utdannings- og jobbtillbod i Møre og Romsdal etter vidaregåande skule

Det er ei utfordring å informere ungdommen i fylket godt nok om kva mulegheiter som eksisterer for vidare utdanning og jobb etter vidaregåande skule. Opp gjennom åra har det vore arbeidd mykje med dette, m.a. frå Møre og Romsdal fylke si side, både retta mot skuleverket og generelt mot ungdomsgruppene.

I denne granskinga vart elevane spurde om kor godt dei kjende til mulegheitene for vidare utdanning og jobb som finst her i fylket. I og med at denne granskinga var så omfattande (femna om så stor del av elevane ved vidaregåande skular i Møre og Romsdal), og at den har mange relevante spørsmål som kartlegg bakgrunn og haldningar, gjev denne oss høve til å seie noko om korleis kjennskapet er fordelt blant ulike grupper av elevar. Dette er verdfullt med tanke på å skulle kunne utvikle gode informasjonsstrategiar.




Figur 3 Kor godt kjenner du til mulegheitene for utdanning og jobb i Møre og Romsdal?

Spørsmåla om kjennskap til mulegheitene var generelt formulerte og gav høve til graderte svar. I Figur 3 viser vi svarfordelinga på dei to spørsmåla i same diagram. Som det går fram var svarfordelinga rimeleg lik på dei to spørsmåla.

Grovt sett var det ca 1/3 av elevane som meinte at dei kjende mulegheitene svært eller ganske godt, om lag 1/3 kjende dei verken godt eller dårleg og ca 1/3 kjende dei ganske/svært dårleg. Ser vi på figuren kan vi sjå at elevar flest har ein viss kjennskap. Berre 11 respektive 8 % kjenner tilboda svært dårleg. 6 % svarar at dei kjenner mulegheitene svært godt.

Meir om kjennskapen til utdanningsmulegeheiter i fylket

På dette spørsmålet ser vi generelt berre mindre skilje i elevmassen om vi ser langs dei geografiske inndelingane. På fogderinivå finn vi ingen avvik frå det vi kan observere for fylket sett under eitt. På økonomisk regionnivå (Figur 4) kan vi sjå mindre skilje t.d. slik at Sunndal-regionen har noko fleire elevar som svarar at dei kjenner mulegheitene dårleg eller svært dårleg (48 %) og Surna-regionen har fleire som svarar dei kjenner mulegheitene godt eller svært godt (50 %). For Surna-regionen (som inkluderer berre ein vidaregåande skule, kan dette vere eit signal på at skulen har fokusert på å gje elevane denne type informasjon. For Sunndal-regionen kan dette sameleis vere ein peikepinn på det motsette – at ein ikkje har fokusert på å få ut denne type informasjon til elevane.



Figur 4 Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter økonomisk region skulen ligg i.

Vi sjekka vidare ut om det var enkeltskular som skilde seg merkbart ut. Vi fann at det var nokre skular som hadde monaleg høgare prosentdel av elevar som svarte at dei kjende mulegheitene svært godt – Borgund, Herøy og Kristiansund vidaregåande skular hadde alle over 10 % som svarta at dei kjende mulegheitene for vidare utdanning svært godt medan gjennomsnittet for fylket låg på 6 %. På same måte som for regionane nemnt ovanfor kan dette vere ein peikepinn på at ein har satsa ekstra på å få fram relevant informasjon til elevane – eller det kan vere eit resultat av meir tilfeldige utslag. Våre data gjev oss ikkje høve til å


konkludere, men vi kan peike på at det her er grunn til å sjå nærare på dei aktuelle skulane (eventuelt på dei aktuelle kommunane/regionane) om det blir gjort spesielle tiltak der: er det slik at ulike skular/ulike regionar nyttar ulike informasjonsstrategiar?

Når det gjeld kjønn kan vi merke oss at jentene generelt svarar at dei har noko dårlegare kjennskap til mulegheitene enn det gutane har. 36 % av jentene mot 30 % av gutane meiner at dei har ganske/svært dårleg kjennskap til utdanningsmulegheitene.

Tabell 5 Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet som er i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skole fordelt etter kjønn

	Svært/ ganske godt	Verken godt eller dårleg	Ganske/ svært dårleg	Totalt	
				%	Tal
Gut	37 %	33 %	30 %	100 %	698
Jente	29 %	35 %	36 %	100 %	832
I alt %	33 %	34 %	33 %	100 %	
Tal	503	523	504		1530

Vidare (Figur 5) ser vi at elevar på yrkesfaglege liner generelt meiner seg vere betre orientert om kva mulegheiter som finst enn elevar på studieførebuande/allmennfag. Dette kan ha samanheng med at elevar på dei yrkesfaglege retningane i større grad siktar seg inn mot arbeid i fylket og at dei på allmenn/studieførebuande retningar i større grad ser føre seg at dei må ut av fylket etter vidaregåande – og at kunnskap om kva mulegheiter som finst i fylket dermed ikkje er like relevant for desse. Vi ser i alle høve lenger ute i rapporten at elevar på allmennfaglege retningar i sterkare grad reknar med å flytte frå fylket etter vidaregåande.



Figur 5 Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter studieretning.


Meir om kjennskap til jobbmulegheitene i fylket

Sjølv om det ikkje var særleg skilje mellom kva elevane svara på spørsmåla om kjennskap til utdannings- og jobbmulegheitene fylket sett under eitt (Figur 3), viste det seg at når vi braut data ned etter bakgrunnsvariablane at det her var interessante skilje å merke seg. Vi ser at når det gjeld kjennskap til jobbmulegheitene at det er regionale skilje (Tabell 6). Elevane frå skular i Romsdal svarar at dei i mindre grad kjenner til jobbmulegheitene enn elevar frå skular på Sunnmøre og på Nordmøre (27 % mot 34 og 37 %).

Tabell 6 Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal?

	Svært/ganske godt	Verken godt eller dårleg	Ganske/svært dårleg	Totalt	
				%	Tal
Sunnmøre	34 %	37 %	29 %	100 %	837
Romsdal	27 %	40 %	34 %	100 %	418
Nordmøre	37 %	33 %	30 %	100 %	275
I alt %	33 %	37 %	30 %	100 %	
Tal	499	567	464		1530

Dette biletet vert klarare om vi viser det på økonomisk regionnivå (Figur 6). På Sunnmøre er det Ulstein-regionen som peikar seg ut. I denne regionen, ein av dei fremste industriregionane i Noreg, kan vi sjå at elevane i sterk grad seier seg kjende med mulegheitene som finst. Ørsta/Volda regionen – som er naboregion til Ulstein-regionen, viser motsett tendens. På Nordmøre ser vi at Sunndal-regionen peikar seg ut som område der elevane har god kjennskap til kva jobbmulegheiter som finst. Tilsvarende ser vi og for Kristiansund-regionen.



Figur 6 Kor godt kjenner du til jobbmulegheitene som finst i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter økonomisk region.


Dette peikar då på at kjennskapen til jobbmulegheitene i fylket etter vidaregåande skule ser ut til å vere best i dei områda som er prega av større industriaktivitetar (Ulstein med maritim næring, Sunndal med Norsk Hydro og Kristiansund med Oljebaseaktivitetane) Molde, som er den største industrikommunen i fylket, bryt på mange måtar dette mønsteret. Dette kan ha med å gjere at Molde er ein stor og sentral kommune som også har stor arbeidsmarknad innan privat og offentleg tenesteyting. For dei tre nemnde kommunane kan det vere at industrien både er ein dominerande aktivitet og at den er klarare fokusert om eit spesifikt område, noko som kan gjere det lettare også å nå ut med informasjon? Det vi observerer kan også gje ein peikepinn på at elevane i hovudsak er orientert om tilboda som finst "nær" dei. Vi ser vidare at situasjonen er heilt ulik om vi samanliknar Ulstein med Volda/Ørsta.

Gutane er i større grad kjende med kva mulegheiter som finst enn kva jentene er (Tabell 7). Vi såg det same når det gjaldt utdanningsmulegheiter (Tabell 5), men skilnaden er endå større når det gjeld jobbmulegheiter, 40 % av gutane svarar at dei har god kjennskap til kva mulegheiter som finst mot 26 % av jentene

Tabell 7 Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal? Fordelt etter kjønn

	Svært/ganske godt	Verken godt eller dårleg	Ganske/svært dårleg	Totalt	
				%	Tal
Gut	40 %	34 %	26 %	100 %	698
Jente	26 %	40 %	34 %	100 %	832
I alt %	33 %	37 %	30 %	100 %	
Tal	499	567	464		1530

Det er også interessant å sjå korleis dette fordeler seg etter elevane si studieretning (Figur 7). Vi kan då sjå at elevar på dei yrkesfaglege linjene i større grad er orientert om jobbmulegheitene enn det elevane på dei studieførebuande linene er.



Figur 7 Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skule. Fordelt etter studieretning.

Vi kan merke oss at fordelinga samsvarar godt med tilsvarende fordeling for kjennskap til utdanningsmulegheitene i fylket (Figur 5). Unntaket er at det er fleire frå allmenn/studieførebuande enn frå yrkesretta som svarar at dei kjenner mulegheitene dårleg.

I Tabell 8 nedanfor ser vi at det også på meir lokalt nivå er skilje. Vi viser tal for Ulstein- og Ørsta/Volda regionen fordelt på elevane sine studieretningar. Vi såg tidlegare (Figur 6) at kjennskapen til jobbmulegheitene var sterkast i Ulstein-regionen, og blant dei yrkesfaglege retningane (Figur 7). I det utsnittet vi her viser ser vi at dette held seg oppe også for desse regionane, og med ei intern fordeling innan regionen som viser at kjennskapen til jobbmulegheitene i Ulstein-regionen blant allmennfaglege elevar faktisk er høgare enn blant yrkesfaglege elevar i Ørsta/Volda.

Tabell 8 Kor godt kjenner du til jobbmulegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal? Fordelt etter studieretning og økonomisk region (vist for Ulstein og Ørsta/Volda)

		Svært/ ganske godt	Verken godt eller dårleg	Ganske/ svært dårleg	Totalt	
					%	Tal
Ulstein- regionen	Studieførebuande/ allmenne fag	38 %	36 %	26 %	100 %	183
	Yrkesfag	46 %	39 %	15 %	100 %	102
	I alt	41 %	37 %	22 %	100 %	285
Ørsta/Volda- regionen	Studieførebuande/ allmenne fag	21 %	39 %	39 %	100 %	66
	Yrkesfag	34 %	37 %	29 %	100 %	62
	I alt	27 %	38 %	34 %	100 %	128

Oppsummering om kjennskap til mulegheitene.

- Når det gjeld kjennskap til kva som finst av utdannings- og jobbmulegheitene i fylket er det kring 1/3 som svarar at dei kjenner godt til kva mulegheitene vi har i fylket.
- Vi ser at det er visse kjønnsmessige, studiemessige og geografiske skilje:
 - o gutane meiner seg generelt vere betre orientert enn jentene
 - o yrkesfaglege retningar er betre orientert enn studieførebuande
 - o elevar frå Sunnmøre og Nordmøre meiner seg betre orientert enn elevar frå Romsdal når det gjeld jobbmulegheitene
- Dette kan oppsummerast til at elevar frå dei mest karakteristiske industriregionane (Ulstein, Sunndal og Kristiansund) også er dei som har best kjennskap til dei faktiske jobbmulegheitene som finst.
- Vi kan og observere at kjennskapen i stor grad ser ut til å vere knytt til den region ein bur i. T.d. var det lite som "smitta" over frå Ulstein til Ørsta/Volda, og vi ser at i Ulstein-regionen er kunnskapen også blant allmennfag/studieførebuande retningar høgare enn den er for yrkesfag i Ørsta/Volda.

Vi har også sett etter om det er samanheng mellom elevane sine prestasjonar (eigen vurdering av karakternivået) og kor godt elevane trivast (på skulen, på heimstad og i kommunen), samanlikna med kor god kjennskap elevane har til utdannings- og jobbmulegheitene. Her ser vi ein klar samanheng mellom det å vantrivast eller å gjere det dårleg på skulen og å ha dårleg

kjennskap til jobb- og utdanningsmulegheiter. Rett nok er dette ei lita gruppe (gjeld 53 av i alt 1530 elevar som har svara), men tendensen blant desse er eintydig.

Vidare kan ein seie at utforminga av spørsmålet nok kan ha vore med på å forme svara. Vi tenkjer då på at spørsmåla gjekk konkret på mulegheiter i Møre og Romsdal utan at ein samstundes spurde om kunnskap om mulegheiter generelt. Om ein elev i utgangspunktet siktar seg inn mot eit løp som vil innebere at vedkomande må flytte frå fylket, vil det ofte ikkje vere så interessant for denne å bruke energi på å finne ut om lokale mulegheiter. Dette betyr at om det i utgangspunktet er mange som reknar med å forlate fylket, så er det naturleg at dei vil kunne vere mindre orientert om kva mulegheiter som finst lokalt i fylket.

Med tanke på utforming av strategiar for å gjere mulegheitene meir kjende og attraktive er dette ei utfordring – korleis informere om målgruppa ikkje er interessert i å bli påverka? Er det slik at dei som har sikta seg inn mot fylket får informasjon nesten uansett, medan dei so regnar med å reise ut ikkje i særleg grad er mottakelege for informasjon same kva? Det vi såg i Ulstein-regionen – at også elevar frå studieførebuande liner hadde god kjennskap til lokale mulegheiter kan tyde på det motsette. Også blant desse elevane hadde vi stor del som trur dei vil flytte ut – men likevel har dei kjennskap til lokale mulegheiter. Igjen kan det vere nærliggande å kople dette til lokalt arbeid med informasjon og bevisstgjerjing. Vert det arbeidd annleis med slike strategiar i Ulstein-regionen enn det vert i Ørsta/Volda?

Det vi ser tyder elles på at strategiar bør vere retta særleg mot studieretningsfaga og særleg mot jenter. På den andre sida betyr dette også at lokale og regionale strategiar for utvikling av næringslivet må fokusere på desse gruppene. I kva grad kan jenter (og gutar) som ønskjer å velje akademiske karriereveggar finne relevante og attraktive tilbod i kommunane her i fylket? Vert Ulstein-regionen oppfatta som attraktiv for framtidig jobb/bustad også av dei som siktar på akademiske løp? Er dette i så fall noko som er spesielt for denne regionen?

Kva skal du gjere når du er ferdig med vidaregåande skule?

Elevane vart vidare bedne velje blant fleire alternativ for kvad dei rekna med å gjere når dei var ferdige med vidaregåande skule, ville dei bli buande på heimstaden, i fylket, flytte til storby eller kva. På dette spørsmålet hadde vi og høve til å gjere samanlikningar med ein del andre granskingar som har blitt gjennomført i fylket vårt:

- Ung i Utkant (elevar i vidaregåande skule frå 7 utkantkommunar)
- Ung i Haram (elevar på ungdomstrinnet i Haram kommune)
- Ungdom – Utdanningseksplasjon – nye karrierevegar (elevar i vidaregåande skular frå utval av kommunar i fylket)

Ingen av desse granskingane er heilt overlappende, så det er ikkje muleg å gjere eintydige samanlikningar. Men der er overlapp i aldersgrupper, skulesituasjon og lokalisering som gjer at det er interessant å kunne gjere samanlikningar.

Kvar ventar elevane å bu etter vidaregåande skule?

Vi merkar oss at vel 1/3 av elevane ikkje hadde bestemt seg enno. Dei elevane vi spurde var dels andreåringar, dels tredjeåringar og granskinga vart gjennomført i haustsemesteret. Dette betyr at det naturleg nok vil vere elevar som enno ikkje har teke stilling til kva dei skal gjere etter vidaregåande. Denne gruppa utgjer 38 % på Sunnmøre mot 32 % og 29 % for Romsdal og Nordmøre.

Tabell 9 nedanfor viser fordelinga etter dei tre fogderia. Denne tabellen inkluderer alle svar – også dei som enno ikkje hadde bestemt seg. Vi merkar oss at vel 1/3 av elevane ikkje hadde bestemt seg enno. Dei elevane vi spurde var dels andreåringar, dels tredjeåringar og granskinga vart gjennomført i haustsemesteret. Dette betyr at det naturleg nok vil vere elevar som enno ikkje har teke stilling til kva dei skal gjere etter vidaregåande. Denne gruppa utgjer 38 % på Sunnmøre mot 32 % og 29 % for Romsdal og Nordmøre.

Tabell 9 Når du er ferdig med vidaregåande skole, kva skal du gjere då? Fordelt etter fogderi.

	Sunnmøre	Romsdal	Nordmøre	Møre og Romsdal	
				%	Tal
Bli buande på heimplassen	16 %	16 %	16 %	16 %	250
Flytte til annen stad i fylket	6 %	7 %	6 %	6 %	91
Flytte til Oslo	6 %	8 %	8 %	7 %	105
Flytte til Trondheim	8 %	17 %	22 %	13 %	199
Flytte til Bergen	10 %	3 %	4 %	7 %	107
Flytte til Stavanger	1 %	0 %	1 %	1 %	17
Flytte ein annan plass i Noreg	8 %	10 %	8 %	9 %	131
Flytte til utlandet	7 %	7 %	6 %	7 %	100
Ikkje bestemt/veit ikkje	38 %	32 %	29 %	35 %	530
I alt	%	100 %	100 %	100 %	
Tal	837	418	275		1530

I hovudtrekk ser vi same mønsteret i dei tre fogderia. Men dei skil seg noko når det gjeld kva storbyar elevane ser føre seg at dei skal flytte til. For Romsdal og Nordmøre er det Trondheim som er førstevealet, med Oslo som nummer to. For Sunnmøre er det Bergen som


er førsteval med Trondheim som nummer to. Det er elles jamstore delar i dei tre fogderia som vil verte buande på heimstaden og i fylket.

Vi kunne vente at det skulle vere fleire 2.åringar enn 3.åringar som ikkje hadde bestemt seg. Dette er det ikkje om vi ser elevmassen under eitt (33 % "veit ikkje" på 2. året, 35 % på 3. året). Men dette gjev eit noko feil bilete då 2. åringane alle går yrkesfaglege liner. Om vi korrigerer for dette og samanliknar yrkesfag 2. år med yrkesfag 3. år ser vi at tala for samanliknbare grupper vert 33 % for 2. år og 27 % for tredje år. Med andre ord kan vi observere at stadig fleire elevar tek aktiv stilling til kva dei skal gjere etter vidaregåande utover i skuleløpet. Det at ca 1/3 av 3.årselevane på det tidspunkt dei vart spurde enno ikkje hadde bestemt seg, gjev eit signal om at det er rom for å kunne påverke i ønskt lei. Særleg er det mange av elevane som går allmennfag som enno ikkje har bestemt seg.

Tabell 10 Når du er ferdig med vidaregåande skole, kva skal du gjere då? Fordelt etter studieår og lineval


	Yrkesfag, Vg2	Yrkesfag, VKII	Allmenfag, VKII	I alt
Bu i fylket	38 %	38 %	9 %	22 %
Bu i storby	19 %	20 %	35 %	28 %
Bu i landet elles	5 %	8 %	11 %	9 %
Bu i utlandet	5 %	7 %	8 %	7 %
Veit ikkje enno	33 %	27 %	37 %	35 %
Sum	100 %	100 %	100 %	100 %
Tal	525	168	837	1530

På regionnivå kan vi merke oss at det særleg er Surna-regionen som merkjer seg ut med stor del som reknar med å verte buande i fylket/på heimstaden. Denne regionen har og færrast som reknar med å ville flytte til storby. Rett nok var det relativt få svar frå denne regionen, men tendensen er likevel klar: desse ser ut til å vere sterkare orientert mot heimfylket og mot område i landet som ikkje har storbypreg. Igjen må vi seie at vi ikkje har data som kan forklare dette nærare, så det ligg til rette for at ein skulle kunne sjå nærare på om denne regionen på nokon måte skil seg frå dei andre t.d. kva gjeld informasjon/motivasjonsarbeid.



Figur 8 Når du er ferdig med vidaregåande skule, kva skal du gjere då? Fordelt etter økonomiske regionar

Vidare kan vi merke oss at i Ørsta/Volda regionen er det også relativt mange som reknar med å verte buande i fylket etter vidaregåande, samstundes er det relativt færre frå denne regionen som reknar med å dra til storbyane. Også her vil det vere interessant om ein kan gå nærare inn og sjå på denne regionen. Vi såg t.d. at elevane her i mindre grad var kjende med kva som fanst avlokale jobb- og utdanningsmulegheiter enn t.d. elevar Ulstein-regionen. Likevel er det relativt fleire herfrå som reknar med å verte buande. Kan det ha med utdanningsmulegheitene å gjere? At det finst høgskuleutdanningstilbod i denne regionen? Eller er det andre informasjonstiltak e.l. som spelar inn?



Figur 9 Oversikt over kvar elevane reknar med å verte buande etter vidaregåande skule. Fordelt etter fogderi

Figur 9 viser elevane sine forventningar til kvar dei skal bu etter vidaregåande. I denne framstillinga har vi tatt bort dei som ikkje har bestemt seg enno, dermed vert tala ikkje direkte samanliknbare med dei vi viste lenger framme. Men vi såg at det jamt over var ca 1/3 av elevane som ikkje hadde bestemt seg.


Vidare ser vi og at blant 3.åringane er det 37 % på studieførebuande liner som ikkje har bestemt seg enno mot 27,1 % på dei yrkesfaglege og det er 36 % av gutane mot 33 % av jentene som ikkje har bestemt seg.

Vi kan merke oss at det blant dei som hadde bestemt seg var lite skilnad i kor stor %-del som rekna med å verte buande på heimstaden/heimfylket. Særleg kan vi merke oss at kring kvar fjerde elev reknar med å verte buande i heimkommunen. Her har vi høve til å samanlikne med t.d. Ung i utkant (Båtevik et. al 2000). Der fann ein at 45 % ønskte å verte buande i

heimkommunen om det var mulegheiter for det. Her ser vi at ca 25 % reknar med at dei kjem til å verte buande rette etter vidaregåande. Rett nok er ikkje utvala direkte samanliknbare og spørsmåla er noko ulikt formulert. Men det gjev likevel ein peikepinn på at det kan vere fleire som ønskjer slå seg ned "heime" enn dei som trur det er realistisk å få det til.

Det at vi ser at elevane frå dei tre fogderia i ulik grad trekkjest mot dei tre storbyane er også interessant. Vi har ikkje data som går nærare inn på dette, men det er naturleg å spørje seg om dette skuldast "historiske kontaktar" (at det er/har vore slik at Trondheim er byen for Nordmøre og Bergen er byen for Sunnmøre), eller om det har samband med kva type av utdanningar som desse storbyane tilbyr. Bergen har tradisjonelt hatt tyngde inn mot det merkantile (representert ved NHH), Trondheim inn mot Ingeniørfaga (NTH - NTNU) og Oslo var universitetsbyen. Vi veit elles at næringslivet på Sunnmøre har hatt gode kontaktar sørover medan dette for Nordmøre sitt vedkomande har gått nordover mot Trondheim. Vi må vidare merkje oss at ingen av fogderia har Oslo som den mest prefererte storbyen. Sunnmøre er sterkest fokusert mot utlandet. Dette fell godt saman med det vi veit om næringslivet her, som i langt større grad enn t.d. på Nordmøre har vore retta mot den internasjonale marknaden.


Kjønn



Figur 10 Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skole? Fordelt etter kjønn

Vi ser at det er eit klart skilje mellom gutar og jenter. Gutane ser i langt større grad føre seg at dei skal verte verande i heimkommune/fylke enn kva jentene gjer. Langt fleire jenter enn gutar reknar med å flytte til ein av storbyane våre.

Studieretning




Figur 11 Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skole? Fordelt etter studieretning

For elevane på dei yrkesfaglege retningane ser vi at desse i svært stor grad ser føre seg at dei kjem til å verte buande i heimkommune eller i fylket. Heile 55 % svarar dette mot berre 15 % for elevane frå dei studieførebuande linjene. Av desse er det i staden 55 % som svarar at dei reknar med å flytte til storby etter vidaregåande.

I og med at vi såg at jentene i større grad rekna med at dei kom til å flytte frå fylket og at %-delen jenter er høgare på dei studieførebuande linjene, har vi laga ei trevegs fordeling som viser kjønn og studieretning i same diagram. Vi ser då at det særleg er på dei yrkesfaglege studieprogramma at det er skilnad mellom kjønna. På dei studieførebuande programma er det om lag like mange jenter og gutar som reknar med å bli buande (8 mot 10 %), men på yrkesfaglege ser vi at skilnaden er stor – heile 46 % av gutane mot 28 % av jentene reknar med å bli buande i heimkommune/heimfylke. Dette slår og ut på kor mange som ønskjer flytte til storbyane. På yrkesfaga er dette 13 % av gutane mot 27% av jentene.

Dette skulle bygge opp under at det er viktig å ha strategiar inn mot jenter og allmennfag. Gutar på yrkesfaglege studieretningar gjev i stor grad uttrykk for at dei er orientert mot framtidig arbeid i heimkommune/heimfylke.



Figur 12 Kvar reknar du med å verte buande etter vidaregåande skole? Fordelt etter kjønn og studieretning

Tilbakeflytting – reknar elevane med å kome attende til fylket om dei først har reist ut?

Vi har sett at kring 2/3 av ungdomane i vidaregåande skule (av dei som hadde bestemt seg) svarar at dei kjem til å flytte frå heimstaden – og frå fylket - når dei er ferdige med vidaregåande skule. Dette er resultat i tråd med kva vi kunne rekne med, både ut frå kva vi har kunna observere av faktisk åtferd over lengre tid, og fordi dette er i samsvar med det vi har sett i ulike granskingar opp gjennom åra.

Tabell 11 Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10-15 år?


	Tal	Total prosent	Prosent
Svært sannsynleg	325	21 %	25 %
Nokså sannsynleg	554	36 %	42 %
Lite sannsynleg	265	17 %	20 %
Svært lite sannsynleg	172	11 %	13 %
Total	1316	86 %	100 %
Veit ikkje	214	14 %	
I alt	1530	100 %	

Det at mange flyttar ut er ikkje eigentleg problemet – det har vi først når berre få av desse vel å flytte attende. Elevane vart difor spurde om kor sannsynleg dei meinte det var at dei kom til å bu i Møre og Romsdal om 10-15 år. Målet med dette spørsmålet var å få elevane til å tenkje

over om dei såg føre seg at fylket kunne bli attraktivt som bustad/arbeidsstad etter at dei hadde gjort seg ferdige med vidare utdanning og var komne i etableringsfasen.

Vi viser svarfordelinga i Tabell 11. Denne viser at sjølv om det berre er 22 % av ungdomane som er rimeleg sikre på at dei kom til å bli i fylket etter vidaregåande (Tabell 9), så er det heile 67 % av dei som har gjort seg opp ei meining om dette som meiner det er meir sannsynleg enn usannsynleg at dei bur i fylket om 10-15 år. Med tanke på vilje til tilbakeflytting er dette oppløftande tal. Desse tala varierer lite mellom gutar og jenter. Det er heller ikkje markante skilje etter kvar i fylket elevane bur eller går på skule.

Figur 13 viser at elevane sin alder heller ikkje ser ut til å gje særlege utslag. Tala for Vg2 og VK2 elevar yrkesfag er om lag identiske. Men vi ser at linjevalet verkar inn her: elevar som tek allmennfag (studieførebuande utdanningsprogram) gjev i mindre grad uttrykk for at dei reknar med å skulle flytte attende for å etablere seg enn elevar som tek yrkesretta program.




Figur 13 Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 – 15 år. Fordelt etter alder (2. eller 3. år) og studieretning

Vi ser altså at trass i at det i stor grad vert gjeve uttrykk for at elevane reknar med å (måtte) flytte frå fylket etter vidaregåande skule, anten det no er for vidare utdanning, for å kome i jobb eller for å oppleve noko anna, så er det over halvparten av elevane som trur at det kan vere realistisk å vere attende i fylket 10 – 15 år seinare. Vi dette ser vi også om vi fordeler etter kjønn og geografisk lokalisering. Sjølv blant dei som går studieførebuande program – som hadde høgaste ”utflyttingsbehovet” (sjå t.d. Figur 11) ser vi her at vel 60 % meiner det er meir sannsynleg enn usannsynleg at dei bur i fylket om 10-15 år.

Men kjem så desse verkeleg attende? Ein har sett liknande ”ønskje” uttrykt tidlegare – utan at dette av seg sjølv har gjeve tilbakeflytting. Men det gjev eit sterkt signal til både offentlege

og private aktørar om at om ein legg tilhøva til rette, så skal det vere muleg å rekruttere blant tidlegare elevar.



Figur 14 Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 - 15 år. Fordelt etter kor godt eleven trivst i heimkommunen sin

Vi kan vidare merke oss at det er klar samanheng mellom sannsynlegheitovervekt for å flytte attende og det å trivast på skule/heimstad/kommune (Figur 14). Dette gjev vidare signal om at mangslunge arbeid for å oppnå auka trivnad er viktig å satse på både lokalt og regionalt og både retta mot dei som bur/lever her i dag og dei som vi ønskjer skal flytte attende.


Eit anna interessant mønster vi kan observere, finn vi når vi krysskøyrrer spørsmålet om tilbakeflytting med spørsmålet om kvar ein reknar med å dra etter vidaregåande. Som vi såg var det eit stort fleirtal av elevane som rekna med å flytte etter vidaregåande, og det var mange som såg føre seg at dei kom til å verte buande i storbyane våre (Oslo, Bergen og Trondheim). Figur 15 viser denne fordelinga. Her ser vi at det er eit skilje mellom dei som trur dei kjem til å flytte til Oslo samanlikna med dei som trur dei kjem til å flytte til Bergen eller Trondheim:

Blant elevane som reknar med å flytte til Trondheim eller Bergen ser vi at det er vel 60 % som meiner det er meir sannsynleg enn usannsynleg at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Men det er berre 44 % av dei som trur seg flytte til Oslo etter vidaregåande som meiner det same. Det ser altså ut til at Oslo i sterkare grad kan ”halde på innflyttarane” enn dei to andre byane.


Der kan vere fleire årsaker til dette:

- Trondheim og Bergen er begge mindre enn Oslo og ber i sterkare grad preg av å vere utdanningsstadar (tradisjonelt med NHH i Bergen og NTH/NTNU i Trondheim)
- Oslo står meir fram som ”komplett bu og arbeidsmarknad” med stort og breitt tilbod innan alle område av utdanning, jobb og sosialt liv

- Bergen og Trondheim er meir "like" fylket vårt (Kystnært, næringsmessig etc.)




Figur 15 Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10 - 15 år. Fordelt etter kva eleven reknar med å gjere etter vidaregåande skule



Figur 16 Når du er ferdig med vidaregåande skule, kva skal du gjere då? Fordelt etter karakternivå

Ut frå dette skulle ein då vente at Bergen og Trondheim kanskje var preferert av elevar med dei beste karakterane, i og med at desse byane her gjev inntrykk av å verte sett på meir som basar for vidare utdanning heller enn stadar å slå seg ned. Figur 16 viser at dette langt på veg stemmer. Det er relativt fleire av elevane som meiner å ha dei høgaste karakterane som vel Bergen eller Trondheim framom Oslo, medan Oslo ser ut til å ha relativt større appell blant elevane som har svakare karakterar.

Vi såg tidlegare at det ikkje var særlege skilje mellom gutar og jenter kva gjeld det å tru at dei kjem til å flytte attende til fylket. Vidare har vi sett at jentene hyppigare enn gutane reknar med å flytte ut frå fylket etter vidaregåande skule. Figur 17 viser nokre interessante skilje mellom kjønna når vi bryt tala vidare ned og ser på sannsynet for tilbakeflytting fordelt etter kjønn og etter kvar ein reknar med å dra etter vidaregåande skule.



Figur 17 Er det sannsynleg at du bur i fylket om 10 - 15 år. Fordelt etter kjønn og kva eleven skal gjere etter vidaregåande skule

Figuren viser at trass i at jentene har større tru på at dei skal flytte ut etter vidaregåande, så er det slik at det alltid er relativt fleire av dei som trur at dei kan kome til å flytte attende til fylket. (I tala for Bergen er det så få gutar med at vi ikkje kan legge vekt på den store skilnaden nett der).

I arbeidet med tilrettelegging for tilbakeflytting har ein ofte hatt særskilt fokus nettopp på jenter og sett det som ekstra viktig å få desse attende. Den tendensen vi ser her kan kanskje tolkast som eit signal om at *både gutar og jenter* må motiverast for å kome attende. Vi såg i Figur 14 at eleven sin trivnad i dag hadde betydning for om han/ho rekna med å vere buande i fylket om 10 – 15 år. Her ser vi at gutane, som generelt har lågare flyttetilbøyelighet enn jentene, også viser seg å ha lågare tilbakeflyttingstilbøyelighet. Kanskje eit signal om at det er naudsynt å ha særleg fokus også på gutar som dreg ut for å ta utdanning?

Forventningar til framtidig bustad fordelt etter kvar elevane er lokalisert i dag

Vi har sett på dette etter kva fogderi elevane bur i. Vi ser at det kan observerast eit skilje mellom elevar frå nord og elevar frå sør (sør i dette høvet kan lesast som Sunnmøre og Romsdal, då dei er ganske like).

- På allmennfag er det klart skilje mellom kor godt elevar på allmennfag og yrkesfag kjenner utdannings- og jobbmulegheitene. Dei i Sør kjenner mulegheitene betre enn dei i nord.
- For yrkesfaga er utslaga mindre – og går heller i den andre retninga – at yrkesfag nordpå kjenner betre til mulegheitene som finst i fylket enn yrkesfag i sør.
- Når det gjeld i kva grad ein reknar med å flytte frå fylket er det skilje mellom kva storbyar elevane orienterer seg mot:
Allmennfag: Sunnmøre: Bergen og Trondheim,
Romsdal: Trondheim og Oslo,
Nordmøre: Trondheim og Oslo.
Her kan merke oss at Oslo skårar lågare enn dei andre to storbyane for alle fogderia
Yrkesfag: Same prioritetar men færre som ønskjer seg dit (lågare nivå på skåren)
- Når det gjeld i kva grad ein reknar med å bli buande ser vi at elevar på allmennfag frå Sør i noko større grad enn elevar flest trur dei vil kunne verte buande etter vidaregåande. For elevar frå yrkesfaga er dette biletet omvendt. Tilsvarende bilete finn vi og for kvar elevane ser seg buande om 10-15 år

Med tanke på framtida så gjev dette eit bilete av at ungdom som har ”akademiske” intensjonar i større grad enn ungdom med yrkesretta ambisjonar ser ut til å orientere seg bort frå heimstad og heimfylke:

Dei kjenner dårlegare til utdanningstilboda som finst i fylket

Dei kjenner dårlegare til jobbmulegheitene

Dei reknar i større grad med å måtte forlate fylket etter vidaregåande


Dei ser seg sjølve i mindre grad lokalisert i heimfylket etter 10-15 år.

Når det gjeld lokalisering kan vi sjå eit mønster av at i dei områda der det er mulegheit for å ta høgare akademisk utdanning (Sunnmøre og Romsdal) også er betre kunnskap blant elevar på allmennfag om kva mulegheiter (for utdanning og jobb) som finnast. På Nordmøre manglar akademisk høgare utdanning, og allmennfagelevar der er sterkare orientert ut av fylket.

For yrkesfaga er skilnadane mindre, men vi kan sjå eit mønster av at elevar frå Nordmøre er har betre kjennskap til mulegheiter for jobb og utdanning i fylket enn elevar frå Søre Luten.

Grunnar til å ville busette seg i Møre og Romsdal

Elevane vart bedne om å prioritere dei tre viktigaste grunnane for å skulle velje å busette seg i fylket. Figur 18 viser korleis desse fordelte seg.



Figur 18 Kva er viktigaste faktorane for at du skal velje å busette deg i Møre og Romsdal?

Dei viktigaste faktorane er knytte til arbeid (det å få ein interessant og relevant jobb – 74 %, det å få ein godt betalt jobb – 54 %), til nærleik til familie/heimstad – 56 % og nærleik til vener – 47 %. Eit breitt servicetilbod i sentrumsområdet fyl deretter (36 %).

For dei andre påstandane er vi at skåren der ligg mellom 15 og 25 % - noko som tyder på at dei ikkje i same grad vert sett på som særleg viktige.

Det er vidare interessant å sjå at det er visse skilnader mellom gutar og jenter:

- når det gjeld jobbmulegheitene er jentene relativt meir opptekne av at jobben skal vere interessant og relevant (77 mot 70 %) medan gutane er meir opptekne av at jobben skal vere bra betalt (59 mot 50 %).
- For gutane er nærleik til venner like viktig som nærleik til familie og heimstad (50 %) medan jentene i større grad prioriterer nærleik til heimstad/familie framfor venner (60 mot 45 %).
- Jentene prioriterer høgare at det må vere høve til deltaking i organiserte aktivitetar og at kulturtilbodet må vere godt (21 og 27 % mot 18 og 22 %).
- Gutane prioriterer høve til aktivt friluftsliv høgare (23 mot 19 %).
- Gutane prioriterer også det å ha attraktive bustadtomter høgare enn jentene (24 mot 22 %).

I tabellen nedanfor viser vi fordeling etter alder og studieretning.

Tabell 12 Kva er viktigaste faktorane for at du skal velje å verte buande i Møre og Romsdal. Fordelt etter studieretning og årstrinn

	Yrkesretta programfag		Studieførebuande program
	Vg2	VK II	VK II
Ein interessant jobb som er relevant i høve utdanninga mi	70 %	75 %	76 %
Ein godt betalt jobb	61 %	57 %	49 %
Nærleik til familie/heimstad	57 %	54 %	55 %
Nærleik til venner	55 %	51 %	41 %
Eit breitt servicetilbod i sentrum (kafear, butikkar, folkeliv)	36 %	36 %	36 %
Eit godt utdannings-/vidareutdanningstilbod	22 %	26 %	23 %
Eit godt kulturtilbod	17 %	23 %	30 %
Attraktive bustadtomter	23 %	22 %	23 %
Høve til aktivt friluftsliv	19 %	21 %	22 %
Høve til deltaking i organiserte fritidsaktivitetar (kor, korps, idrett, humanitært arbeid etc.)	17 %	17 %	22 %
Gode kommunikasjonar til/mellom byane i fylket	18 %	13 %	20 %
Sentrumsnære leilegheiter/bustadar	17 %	13 %	12 %

For yrkesretta fag kan vi samanlikne mellom 2. og 3. års elevane. Vi ser at det vert lagt noko større vekt på at ein skal kunne få jobb som er interessant og relevant i høve utdanninga, og noko mindre vekt på at den skal vere godt betalt når eleven vert eldre. Nærleik til hushald/familie og til venner vert og lagt noko mindre vekt på blant VKII enn Vg2. 3.års-elevane legg heller meir vekt enn 2.-åringane på etter- og vidareutdanningsmulegheitene, kulturtilboda og friluftslivsmulegheitene.

3. år yrkesfag var dei som i størst grad svara at dei skulle verte buande i fylket etter vidaregåande. Det er difor som ein kunne vente at svara her viser at dei prøver tilpasse seg og finne

interessant jobb der ein heller gjev noko avkall på å krevje høgaste løna. Det viktige vert å få jobben her lokalt.

Elevane på 3.året studieførebuande fag har i langt større grad staka ut ei framtid der dei reknar med å flytte frå fylket. Men vi har sett at også blant desse er det ein relativt høg %-del som har tru på at dei kan kome til å verte buande i fylket i framtida. Desse elevane er klarare på at dei prioriterer innhald framfor pengar når det gjeld jobb. Nærleik til vener skårar mykje lågare hjå desse (41 mot 51 % som meiner dette er viktig grunn). Med tanke på at elevar på dei studieførebuande programma reknar med å måtte flytte ut for å studere vidare – og at dei i mindre grad vil kunne rekne med å kome attende (til heimstaden), er dette truleg ein observasjon vi kunne vente å finne.

Vi kan vidare merke oss at vidareutdanningstilbodet ikkje tel så mykje for desse – når ein reknar med å flytte ut for å ta høgare utdanning likevel, er det nok å vente at også vidareutdanninga kan takast annan stad.

Burde også andre slå seg ned her i fylket?


Spørsmåla kring framtidig lokalisering vart runda av med eit spørsmål der elevane vart bedne om å svare på om dei ville oppmode vener som ikkje hadde bakgrunn frå fylket om å slå seg ned i Møre og Romsdal. Vi viser svarfordelinga i tabellen nedanfor, fordelt etter kjønn.

Tabell 13 Vil du anbefale venner utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal?

	Gutar	Jenter	Elevar i alt	
	%	%	%	Tal
Ja	37 %	32 %	34 %	526
Kanskje	39 %	46 %	42 %	650
Nei	15 %	14 %	14 %	220
Veit ikkje	10 %	8 %	9 %	134
%	100 %	100 %	100 %	
Tal	698	832		1 530


Det vi først kan merke oss er at det berre er eit mindretal som klart seier at dei ikkje vil oppmode vener utanfrå å flytte hit (14 %). 76 % seier "Ja" eller "Kanskje" og 9 % har inga mening om dette. Dette tyder på at elevar flest ser på fylket som ein god plass å bu – endå om dei kanskje ikkje sjølve reknar med å verte kontinuerleg buande her. Vi har jo sett at ein stor del av elevane ser føre seg at dei etter kvart skal ha høve til å kome attende til fylket sjølve.

Vi kan merke oss at gutane i noko større grad svarar at dei vil oppmode vener (37 mot 32 %) om å busetje seg i fylket. Vi har sett at gutane oftare reknar med å verte buande i fylket etter vidaregåande og slik ser ut til å vere noko tettare knytte til fylket. Gutane er og noko meir opptekne av viktigheita av friluftslivaktivitetar – noko som vi veit fylket har i rikt mon. På den andre sida er det eit noko anna mønster som kjem fram om vi samanliknar blant elevane på 3.året. I Figur 19 er svara frå desse vist etter kva studieretning dei går på. Her ser vi at elevar frå dei yrkesfaglege retningane i noko større grad er kritiske til å oppmode venner om å skulle slå seg ned enn elevar frå dei studieførebuande retningane. Og vi har tidlegare sett at jentene dominerer på studieførebuande – gutane på dei yrkesfaglege.



Figur 19 Vil du anbefale venner utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal? Fordelt etter klasstrinn og studieretning


Noko av forklaringa ligg nok i det at 2.åringane (som alle her går yrkesfag) trekkjer yrkesfaga i motsett retning frå det vi ser på 3. året. Men vi har ingen gode forklaringar på kvifor det skal vere eit slikt skilje mellom elevar frå 2. og 3. året. Er der grunnar til at ein på yrkesfag skal bli meir skeptiske til tilflytting frå 2. til 3. året? Er det redsle for at det skal bli for mykje kamp om jobbane? Neppes. Elevar på yrkesfag verkar vere rimeleg godt orienterte om dei reelle mulegheitene og veit nok at det heller er manko på arbeidskraft enn på arbeidsplassar.



Figur 20 Vil du anbefale vener utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal. Vist etter økonomiske regionar

I Figur 20 viser vi fordelinga geografisk (økonomisk region). Merk at vi har utelate Veit ikkje-gruppa frå berekningane. Om vi ser på svara etter geografi (økonomisk region) er der eit par ting å merke seg:

- Kristiansundregionen merkar seg ut med å ha størst prosent av elevane som svarar at dei ikkje vil oppmode andre om å flytte hit (27 % mot 16 % for elevane generelt)
- Ulsteinregionen har klart færrest som svarar negativt her (10 %). Dei har også relativt mange som klart svarar Ja.
- I Surnadalsregionen er det heile 56% av elevane som klart ville oppmode vener om å slå seg ned i fylket



Figur 21 Oversikt over regionane som merkjer seg mest ut når det gjeld det å ville oppmode kjenningar utanfrå om å busetje seg i fylket

Vi har tidlegare sett at elevane frå Ulstein-regionen generelt både gjev inntrykk av å ville verte buande og av å ha god kjennskap til mulegheitene som finst i regionen. At dei også er minst negative til å oppmode andre om å slå seg ned, passar inn med dette inntrykket. Sameleis har vi sett at elevar frå indre Nordmøre generelt har gjeve uttrykk for at dei trivast godt, sjølv om dei også i stor grad har rekna med å måtte flytte ut etter vidaregåande. Resultata vi fekk for Kristiansund-regionen var kanskje mest overraskande, særleg med tanke på kva som skjer i denne regionen når det gjeld industri og næringsutvikling.

Del 2 Medverknad

I denne delen av rapporten drøftar vi spørsmål som hadde med ulike former for medverknad å gjere. Det vart stilt spørsmål kring deltaking i, kjennskap til og kva nytte ein såg av elevråd og ungdomsråd, samt at det vart stilt spørsmål for å klargjere i kva grad elevane var politisk aktive. Vi vil her sjå på desse ut frå dei ulike bakgrunnsfaktorane.

Elevråd som arena for medverknad

Innleiing – om elevråd

Elevrådet er ein institusjon som eksisterer i alle klassetrinn både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Det er vanleg at kvar klasse har to representantar med vara. I løpet av 6 år skulle dette i teorien gje om lag 85 % av elevane høve til å delta $\{(4*6)/28\}$. Men då vervet vanlegvis ikkje er avgrensa til at ein ikkje skal kunne sitje i fleire periodar, og vi spør både for ungdomsskuletida og vidaregåande skule, er det naturleg at det er eit visst overlapp. Det er vel heller ikkje slik at alle elevar vil ønskje å delta.

I denne delen av arbeidet ønskjer vi å presentere data for å sjå nærare også på kven som vert med i elevrådet, deira bakgrunn (uttrykt ved våre bakgrunnsvariablar) og deira haldningar/kjennskap til ordninga. Nokre av spørsmåla vart retta berre til dei som hadde vore elevrådsrepresentantar (t.d. spørsmål om dei fekk opplæring), andre retta til alle (t.d. kor godt ein kjende til arbeidet elevrådet gjer på deira skule).

Siktemålet med dette er kopla til at elevrådet er/kan vere ein viktig inngangsport for deltaking både i samfunnsliv generelt og i politisk arbeid. For mange elevar er dette første gang dei vert trekt med i situasjon/setting der dei skal ta stilling til noko på vegner av andre (klassen). Gjort på god måte (god opplæring, kjensle av å ha innverknad) skulle elevråds erfaring kunne vere med på å inspirere til å delta vidare inn mot det politiske liv - eller mot organisasjonslivet.

Vi må her nemne at det er muleg at i vårt materiale er elevar med bakgrunn som elevrådsrepresentant overrepresentert. Det kan vere at elevar som tek på seg slike verv også i større grad enn elevar flest tek ansvar for å delta i denne type granskingar. Men vi har ingen konkrete data til å underbygge dette med.


Har elevane vore elevrådsrepresentantar?

Vi ser at vel 38 % av alle elevane har røynsle frå elevrådsarbeid, anten på ungdomsskolen, frå vidaregåande eller frå begge skuleslaga. I og med at så pass stor del av elevane får prøve seg her, vil elevrådet og arbeidet i elevrådet kunne vere viktig i det å lære elevane opp til medverknad i ulike offentlege fora.

Tabell 14 Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant?

	Tal	%
Ja, på ungdomsskolen	261	17 %
Ja, både på ungdomsskolen og vidaregåande skole	153	10 %
Ja, på vidaregåande skole	169	11 %
Nei, har aldri vore elevrådsrepresentant	946	62 %
	1529	100 %

I og med at elevråd er ein funksjon som skal finnast på alle skulane (ungdomstrinn og vidaregåande) og i alle klasser, er det ikkje grunn til å tru at grad av deltaking skal variere stort mellom kommunar og regionar i fylket. Vi illustrerer dette med ein figur som viser fordelinga etter kva økonomisk region skulen ligg i:



Figur 22 Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant? Fordelt etter økonomisk region

Som Figur 22 viser er det lite variasjon mellom dei ulike regionane. Vi kan sjå variasjon i %-delen som har vore representant i dei ulike skuleslaga, men dette jamnar seg mykje ut når vi summerer for dei to skuletypene.

Der er heller ingen vesentlege skilje mellom gutar og jenter.

Men vi kan sjå nokre interessante skilje. Dette går m.a. mellom dei elevane som går andre og dei som går tredje året på vidaregåande. I og med at elevar frå både Vg2 og VKII yrkesfaglege liner vart spurde, har vi høve til å samanlikne dette. Då ser vi at ”eit ekstra års erfaring” gjev høgare deltaking. Dette viser at ein i stor grad rekrutterer inn nye elevar i desse rollene, dvs at stadig fleire elevar får denne (viktige) erfaringa.

Tabell 15 Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant. Fordelt etter årstrinn og studieretning

	Yrkesfag, Vg2	Yrkesfag, VKII	Allmenfag, VKII	I alt
Ja, på ungdomsskolen	13 %	16 %	20 %	17 %
Ja, både på ungdomsskolen og vidaregåande	9 %	8 %	11 %	10 %
Ja, på vidaregåande skole	11 %	13 %	11 %	11 %
Nei, har aldri vore elevrådsrepresentant	67 %	64 %	58 %	62 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %
	525	168	837	1 530

Vi ser også at der er skilje mellom yrkesfag og studieførebuande fag. Det er klart fleire frå dei studieførebuande (på VKII-nivå) som har røynsle som elevrådsrepresentant enn blant elevar på dei yrkesfaglege. Det vi vidare kan merke oss er at desse hyppigare merker seg ut med å ha røynsle frå Ungdomsskulen.

Deltaking i elevråd – relatert til karakternivå og det å fullføre vidaregåande skule

Vi ser ein tendens til at elevane som har røynsle som elevrådsrepresentant også vurderer eigne karakterar høgare enn dei som ikkje har røynsle som dette. (66 % av dei som har vore/er elevrådsrepresentant svarar dei har karakterar som ligg over gjennomsnittet (mest firarar, femmarar og seksarar) mot 52 % av dei som ikkje har vore elevrådsrepresentant.

Sjølv om dei som ikkje har vore elevrådsrepresentant meiner seg å ha noko lågare karakternivå, er det ingen ting som tydar på at desse i større grad skal slutte vidaregåande før dei har avlagt eksamen. Det er så å seie ingen skilje mellom gruppene (97,7 mot 97,4 %) som trur dei kjem til å fullføre vidaregåande skule.

Opplæring i elevrådsarbeid

Med tanke på at elevrådsarbeid kan vere eit godt inntak å stimulere til politisk arbeid seinare, kan vi merke oss at så mykje som 72% av dei som har røynsle som elevrådsrepresentantar svarar at dei ikkje har fått opplæring i denne type arbeid/verv og berre 28 % har fått slik opplæring. Det er i utgangspunktet lite skilje etter bakgrunnsvariablane her. Tabell 16 viser at det i størst grad er på vidaregåande skule at opplæring i elevrådsarbeid vert gjeve, %-delen som hadde fått opplæring var dobbelt så høg blant dei som berre hadde vore elevrådsrepresentant på vidaregåande som blant dei som berre hadde vore det på ungdomsskulen (33 mot 16 %).

Tabell 16 Har du fått opplæring i elevrådsarbeid?

Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant:	Har du fått opplæring i elevrådsarbeid?
--	---

	Ja	Nei	Totalt	
	%	%	%	Tal
Ja, på ungdomsskolen	16 %	84 %	100 %	261
Ja, både på ungdomsskolen og vidaregåande skole	43 %	57 %	100 %	153
Ja, på vidaregåande skole	33 %	67 %	100 %	169
I alt	28 %	72 %	100 %	583

Dette vert støtta når vi ser på tala fordelt etter studieretning og årstrinn. Der ser vi at blant VKII-elevar er det langt fleire frå dei yrkesfaglege linene (38 %) som har fått opplæring enn frå dei allmennfaglege (28 %). Og blant dei allmennfaglege er det langt fleire som har røynsle som elevrådsrepresentant frå ungdomsskulen. Når vi då ser at det er den gruppa som i størst grad har røynsle frå elevrådsrepresentant på vidaregåande nivå som også i størst grad har fått opplæring, tyder dette på at det særleg er på vidaregåande nivå at slik opplæring vert gjeve.

Korleis var denne opplæringa?


Vi såg at 28 % (164 elevar) svarta at dei hadde fått opplæring i elevrådsarbeid. Desse vart bedne om å angje korleis denne opplæringa var etter ein oppgitt skala. Vi viser svarfordelinga i Tabell 17:

Tabell 17 Korleis vurderer du denne opplæringa?

	Tal	Total %	Kumulativ %
Bra	39	24 %	24 %
Ganske bra	48	29 %	53 %
Verken bra eller dårleg	43	26 %	79 %
Ganske dårleg	10	6 %	85 %
Dårleg	7	4 %	89 %
Veit ikkje/inga meining	17	10 %	99 %
Total	164	100 %	
Skulle ikkje svare	1366		
	1530		

Vi merkar oss at meir enn halvparten (53%) meinte at opplæringa var bra eller ganske bra, 26 % at den var ”verken bra eller dårleg og berre 10 % meinte den var dårleg eller ganske dårleg. 10 % hadde inga meining om dette.


På same måte som vi såg at det var elevane som hadde røynsle som elevrådsrepresentant frå vidaregåande som hadde fått opplæring i elevrådsarbeid, ser vi at dei som har si røynsle som elevrådsrepresentant frå vidaregåande også i større grad er nøgde med opplæringa dei fekk.



Figur 23 Korleis vurderer du denne opplæringa? Fordelt etter om ein har røynsle som elevrådsrepresentant frå ungdomsskule eller vidaregåande

Vidare viser det seg at jentene i større grad er nøgde enn gutane (61 % mot 44 %). Vi kan ikkje ut frå vårt materiale forklare dette fullt ut. Vi ser at det var noko fleire av gutane enn av jentene som hadde elevrådsrøynsle berre frå ungdomsskulen, men den skilnaden er ikkje stor nok til å kunne forklare det store skiljet vi ser mellom kjønna.

Kjenner du til arbeidet elevrådet gjer?



Figur 24 Kor godt vil du seie at du kjenner til arbeidet som elevrådet gjer på skulen din? Fordelt etter om ein har vore elevrådsrepresentant

Alle elevane vart spurde om kor godt dei kjenner til arbeidet som elevrådet gjer på skulen og korleis dei vurderer elevrådet sin innverknad på det som skjer på skulen.

I utgangspunktet var det ca 1/3 av elevane som sjølv hadde røynsle frå elevrådsarbeid og 2/3 som ikkje hadde. Her ser vi at ca 28 % av elevane meiner dei kjenner godt til arbeidet som elevrådet gjer. Men når vi bryt dette vidare nedover ser vi at det ikkje berre er slik at dei som har vore elevrådsrepresentant meiner å kjenne arbeidet betre. Vi ser at det er elevar som har vore/er elevrådrepresentantar på vidaregåande som i størst grad kjenner arbeidet. Det å ha vore elevrådsrepresentant på ungdomsskulen gav ingen utslag i det å kjenne arbeidet i elevrådet har på vidaregåande.

I kva grad meiner du at elevrådet har innverknad på det som skjer på skulen?

Skiljet mellom elevar som hadde vore elevrådsrepresentant eller ei var ikkje like stort for dette spørsmålet. Mønsteret er litt det same men utslaga langt mindre, 24 % av dei som aldri hadde vore elevrådsrepresentant meinte at elevrådet hadde stor/nokså stor innverknad mot 28 % for dei som hadde vore på ungdomsskulen og 31 % for dei som hadde vore på vidaregåande eller i båe skuleslaga. I og med at skiljet er så pass lite tyder dette på at elevar flest, uavhengig av eigne røynsler, ikkje opplever at elevrådet (på vidaregåande) har særleg innverknad i det som skjer på skulen.



Figur 25 Korleis vurderer du elevrådet sin innverknad på det som skjer på skolen din. Fordelt etter om eleven har vore elevrådsrepresentant

Også her ser vi at jentene i større grad meiner at elevrådet har innverknad (30 % mot 21 %)

Samanheng mellom karakterar og det å delta i elevrådsarbeid

Tabell 18 Har du vore elevrådsrepresentant. Fordelt etter eleven sitt karakternivå

	Over gjennomsnittet	Som gjennomsnittet	Under gjennomsnittet	I alt	
Ja, på u.skolen	67 %	27 %	6 %	100 %	261
Ja, både på u.skolen og på vgs	65 %	31 %	5 %	100 %	153
Ja, på vgs	65 %	28 %	7 %	100 %	169
Nei, aldri	53 %	37 %	11 %	100 %	947
Sum %	58 %	33 %	9 %	100 %	
Tal	884	511	135		1530


- Vi ser at noverande/tidlegare elevrådsrepresentantar er i overtal blant elevar som sjølve meiner seg å ha gode karakterar (66 % av dei som er/har vore elevrådsrepresentantar meiner å ha karakterar over gjennomsnittet mot 52 % for dei som ikkje har vore). Dette gjeld uavhengig av når ein har vore elevrådsrepresentant, men vi ser at dei som har vore elevrådsrepresentant både på ungdomsskule og på vidaregåande er dei som i størst grad meiner at dei har høge karakter)

Materialet viser elles at:

- Når det gjeld det å ha fått opplæring i elevrådsarbeid ser vi ingen skilnader mellom dei som meiner seg å ha høgare eller lågare karakterar
- Dess lågare ein vurderer karakterane sine, dess mindre grad kjenner ein godt til arbeidet i elevrådet
- 29 % av dei med høge karakterane vurderer elevrådet sin innverknad som relativt stor mot 11-12 % av dei med svakaste karakterane

Dette skulle tyde på at elevane sine evner (her målt ved eiga vurdering av karakternivå) er med å bestemme i kva grad elevar vert rekruttert inn som elevrådsrepresentantar. Dette vert då eit viktig punkt å merke seg med tanke på rekruttering: korleis kan ein jobbe for at ein skal rekruttere meir jamt, korleis trekkje meir med også dei som er mindre skuleflinke?

Kommunale ungdomsråd som arena for medverknad



Figur 26 Oversiktskart som viser kva kommunar som hadde Ungdomsråd i 2007

Det var i 2007 registrert ungdomsråd (Ungdommens kommunestyre etc.) i 29 av dei 37 kommunane i fylket³. (Granskinga vart gjennomført i 2007. I dette året vart Aure og Tustna slegne saman til ein kommune og er i materialet registrert som ein kommune. Kristiansund og Frei vart slegne saman 1.1. 2008 og er dermed registrert som to kommunar i denne granskinga – og i 2007 hadde Kristiansund ungdomsråd men ikkje Frei.). Dei sju kommunane som ikkje er registrert med ungdomsråd er alle mindre og mellomstore kommunar. Ut over dette kan vi ikkje sjå nokon systematikk i det å ha eller ikkje ha Ungdomsråd.

Elevane vart spurde om det fanst Ungdomsråd i deira kommune med svaralternativa ”Ja”, ”Nei” og ”Veit ikkje”. Vi viser svarfordelinga i ein tabell:

Tabell 19 Er det ungdomsråd i kommunen din?

	Ja	Nei	Veit ikkje	I alt
Tal svar	751	67	711	1529
	49 %	4 %	47 %	100 %

³ <http://www.ung-makt.no/>

Vi kan merke oss at opp mot halvparten av elevane svara at dei ikkje kjende til om kommunen hadde Ungdomsråd eller ikkje. Med tanke på at det har vore satsa på Ungdomsråd både frå Fylket si side og frå statleg hald er desse tala kanskje noko høgare enn ein skulle ønske. Ein skulle ha venta at fleire enn halvparten av elevane (18 – 19 åringar) kjende til om det var Ungdomsråd i kommunen dei bur i.

Vi kunne elles merke oss at elevar frå same kommunen til tider var usamde om det fanst Ungdomsråd i kommunen deira – det var elevar som svara at kommunen hadde og elevar som svara at kommunen ikkje hadde – i tillegg til dei som svara at dei ikkje visste. Vi la difor inn ein ny variabel som viste om kommunen var registrert med Ungdomsråd. Dermed fekk vi høve til å vise i kva grad svara reflekterte den reelle situasjon. Vi viser dette i Tabell 20. Det går fram at ein del elevar (46 i alt) meiner kommunen har Ungdomsråd utan at dette finst og om lag like mange (50) som meiner kommunen ikkje har Ungdomsråd sjølv om dette var registrert i kommunen.

Tabell 20 Krysstabell som viser samsvar mellom det å ha ungdomsråd i kommunen og det å kjenne til at det finst

Kommunen du bur i har Ungdomsråd	Er det ungdomsråd i kommunen din?							
	Ja		Nei		Veit ikkje		I alt	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%
Ja	705	52 %	50	4 %	608	45 %	1363	100 %
Nei	46	28 %	17	10 %	103	62 %	166	100 %
I alt	751	49 %	67	4 %	711	47 %	1529	100 %

Tabellen viser at for kommunar som har ungdomsråd er det 45 % som svarar at dei ikkje veit og 4 % som svarar at kommunen ikkje har. Men her ser vi at vel halvparten av elevane gjev korrekt svar – 52 % frå desse kommunane svarar at kommunen har ungdomsråd. I kommunar som ikkje har ungdomsråd er det relativt få (10 % eller 17 elevar) som gjennom svaret viser at dei kjenner den reelle situasjonen, 62 % svarar veit ikkje og 28% svarar at kommunen har ungdomsråd – endå om den ikkje har.

Oppsummert kan vi seie at 6 % (96 av 1529) av elevane svarar ”feil”, 47 % kjenner ikkje til den faktiske tilstand, 46 % kjenner til at ungdomsrådet finst og 1 % ”veit” at kommunen ikkje har ungdomsråd. Dette tyder på at den største utfordringa er den manglande kjennskap til at kommunen har Ungdomsråd.


Vi vil difor her sjå litt på om kjennskapen til Ungdomsråda er skeivt fordelt i fylket. For å vise dette tek vi utgangspunkt av korleis svara fordeler seg på dei økonomiske regionane i fylket.

Spørsmålet om kommunen hadde ungdomsråd var ganske generelt formulert, noko som opnar for at ulike former for ungdomsråd kan inkludrast her. Dette kan vere ei forklaring på at vi har fått ”feilaktige” svar – at ein instans kan verte oppfatta som ungdomsråd, utan at det formelt sett er det - eller omvendt. At dette kan vere noko uklart kjem bl.a. fram ved at det i ettertid vart det stilt spørsmål til oss for ein kommune som her er registrert med ungdomsråd, men som etter andre kjelder ikkje skal ha hatt dette. Vi har nytta ein open tilgjengeleg nettstad der det er registrert at denne kommunen har ungdomsråd.

Tabell 21 Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter økonomisk region og om det reelt finst Ungdomsråd i kommunen

Det finst Ungdomsråd i kommunen			Økonomisk region							
			Molde-reg.	Kr.sund-reg.	Ålesund-reg.	Ulstein-reg.	Ørsta/Volda-reg.	Sunnd.-reg.	Surna-reg.	Fylket
Ja	Er det ungdomsråd i kommunen din?	Ja	32 %	40 %	48 %	77 %	65 %	75 %	72 %	52 %
		Nei	6 %	2 %	3 %	3 %	1 %	0 %	2 %	4 %
		Veit ikkje	62 %	59 %	49 %	20 %	35 %	25 %	26 %	45 %
	Total	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	
			404	129	325	286	124	52	43	1363
Nei	Er det ungdomsråd i kommunen din?	Ja	60 %	36 %	18 %					28 %
		Nei	7 %	4 %	15 %					10 %
		Veit ikkje	33 %	60 %	68 %					62 %
	Total	100 %	100 %	100 %					100 %	
			15	55	96					166

Det vi kan merke oss er at ut frå svara er kjennskapen til den faktiske situasjon dårlegast i ”byregionane”, dvs dei tre byane og deira omlandskommunar. I tillegg er det særleg i desse regionane at vi finn dei som svarar at dei meiner at kommunen har UR sjølv om kommunen ikkje har dette.



Figur 27 Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter kjønn og om kommunen verkeleg har Ungdomsråd

Ser vi på kjønn, er det ein tendens til at jentene er betre informert om den reelle stoda enn gutane er. I dei kommunane som har ungdomsråd svarar 46 % av gutane mot 56 % av jentene at kommunen har ungdomsråd. I kommunar som ikkje har ungdomsråd ser vi at kunnskapen om ungdomsrådet er likt fordelt mellom kjønna.

Som Tabell 22 nedanfor viser, går hovudskiljet mellom yrkesfaglege og allmennfaglege liner. Kjennskapen til om det finst ungdomsråd er dårlegare blant elevar på yrkesfaglege enn den er blant elevar på allmennfaglege liner.

Tabell 22 Er det ungdomsråd i kommunen din? Fordelt etter studieår/studieretning og om det verkeleg er ungdomsråd i kommunen

Det finst Ungdomsråd i kommunen			Skuleår/studieretning			
			Yrkesfag, 2.år	Yrkesfag, 3.år	Allmenfag, 3.år	I alt
Ja	Er det ungdomsråd i kommunen din?	Ja	47 %	42 %	56 %	52 %
		Nei	4 %	2 %	4 %	4 %
		Veit ikkje	49 %	56 %	40 %	45 %
	Total	100 %	100 %	100 %	100 %	
			464	142	757	1363
Nei	Er det ungdomsråd i kommunen din?	Ja	23 %	27 %	31 %	28 %
		Nei	12 %	4 %	11 %	10 %
		Veit ikkje	65 %	69 %	58 %	62 %
	Total	100 %	100 %	100 %	100 %	
			60	26	80	166


Meiner elevane at ungdomsrådet har politisk innverknad

Vi bad elevane som svara at det var ungdomsråd i kommunen deira om å vurdere i kva grad ungdomsrådet har innverknad på dei politiske vedtak som vert gjort i kommunen. Vi viser svarfordelinga i Tabell 23. Vi ser at av dei 751 elevane som svara at kommunen hadde ungdomsråd, var det heile 296 (39 %) som svara at dei ikkje hadde noka meining om kva politisk innverknad ungdomsrådet hadde. Berre 117 svara at ungdomsrådet hadde stor eller nokså stor innverknad. Dette skulle ikkje akkurat tyde på at ungdomar flest ser på ungdomsrådet som eit særleg viktig organ.

Tabell 23 Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunen din?

	Tal	Prosent
Stor innverknad	19	3 %
Nokså stor innverknad	98	13 %
Verken stor eller liten innverknad	177	24 %
Nokså liten innverknad	94	13 %
Liten innverknad	67	9 %
Veit ikkje	296	39 %
Total	751	100 %
Skulle ikkje svare	779	
	1530	

Vi kan vidare merke oss at det er regionale skilje her – og at desse skilja ikkje er i samsvar med kven som kjende best til at det fanst ungdomsråd. Vi ser her t.d. at i Ørsta/Volda regionen, der ein i utgangspunktet hadde god kjennskap til at ungdomsrådet fanst, ikkje har særleg tiltru til at organet har politisk innverknad. Medan Sunndal- og Surnadalregionane, som også skårar høgast på kjennskap til ungdomsråd, er dei regionane der ungdomsråd vert tillagt størst innverknad.



Figur 28 Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunene din?

For dei andre relevante bakgrunnsvariablane (kjønn, nivå og studieretning) er det berre små skilje å observere. Det som står att er eit inntrykk av at når deg gjeld vurderinga av i kva grad ungdomsråd har politisk innverknad så går dette etter geografiske skiljeliner der Sunndal- og Surnalregionane skil seg ut ved at elevane der har størst tiltru til at desse har reell innverknad. I den andre enden av skalaen finn vi Ørsta/Volda og Ulsteinregionane der elevane i minst grad har tru på at ungdomsråd har innverknad.

I og med at ungdomsråd er eit (politisk) organ, oppretta i den enkelte kommunen, er ei slik geografisk fordeling noko som ein kunne vente å finne. Biletet ville truleg vore endå klarare om vi kunne gå heilt ned og vise tal på kommunenivå – i og med at det her er kommunen som er politisk – og avgjerdsfattande eining. Men tala vert for små til å kunne brukast så detaljert. Ved å bruke denne regioninn delinga får vi likevel fram hovudpoenget: at arbeidet med/kring ungdomsråd er lokalt betinga og at det difor vil vere naturleg å sjå geografiske variasjonar som er knytte til korleis ein satsar i den enkelte kommune (eller som her vist: region).


Det var truleg at ulike ungdomsråd vil ha ulik makt/evne til innverknad, og at dette skulle vere knytta opp til kva kommune/ar dei ligg i, heller enn at dette skulle vere avhengig av karakteristika knytt til den enkelte elev.

Kor godt vil du seie at du kjenner arbeidet som ungdomsrådet gjer?

Elevane vart vidare bedne gradere kor godt dei kjende til arbeidet ungdomsrådet gjer. På dette spørsmålet var det ikkje høve til å svare "veit ikkje". Vi viser svarfordelinga i Tabell 24. Som for førre spørsmål er det berre eit mindretal som kjenner arbeidet svært godt eller ganske godt (17 %). Over halvparten (54 %) svarar at dei kjenner arbeidet til ungdomsrådet ganske dårleg eller svært dårleg. Også denne fordelinga gjev slik inntrykk av at ungdomsrådet ikkje er sett på som særleg aktuelt for elevar flest.

Tabell 24 Kor godt vil du seie at du kjenner til det arbeidet som ungdomsrådet gjer?

	Tal	Prosent
Svært godt	46	6 %
Ganske godt	85	11 %
Verken godt eller dårleg	214	28 %
Ganske dårleg	198	26 %
Svært dårleg	208	28 %
Total	751	100 %
Skulle ikkje svare	779	
	1530	



Figur 29 Kor godt vil du seie at du kjenner til det arbeidet som ungdomsrådet gjer?

Også på dette spørsmålet ser vi regionale skilje. Nedanfor har vi kort oppsummert dei viktigaste trekka ved kjennskap til ungdomsrådet (politisk innverknad og arbeidet dei gjer):

- Moldereg Elevane veit i liten grad at ungdomsrådet finst. Meiner at ungdomsrådet har noko politisk innverknad og meiner i noko grad å kjenne til arbeidet ungdomsrådet driv.
- Kr.sundreg Elevane veit i liten grad at ungdomsrådet finst, meiner at ungdomsrådet har noko politisk innverknad og meiner seg i liten grad å kjenne til arbeidet ungdomsrådet driv.
- Ålesundreg Elevane veit i nokon grad at ungdomsrådet finst, meiner at ungdomsrådet har noko politisk innverknad og meiner i nokon grad å kjenne til arbeidet ungdomsrådet driv.
- Ulstein: Elevane veit at ungdomsrådet finst, har lita tru på at ungdomsrådet har politisk innverknad men har ganske god kjennskap til arbeidet ungdomsrådet driv.
- Ørsta/Volda: Elevane veit at ungdomsrådet finst, har lita tru på at ungdomsrådet har politisk innverknad og kjenner lite til arbeidet som ungdomsrådet driv med.
- Sunndalreg Elevane veit godt at ungdomsrådet finst, dei har noko tru på at ungdomsrådet har politisk innverknad og kjenner i stor grad til arbeidet i ungdomsrådet.
- Surnareg: Elevane veit godt at ungdomsrådet finst, har størst tru på at ungdomsrådet har politisk innverknad og kjenner i størst grad til arbeidet i ungdomsrådet.

For dei andre bakgrunnsvariablane, kjønn, nivå og studieretning, var det liten grad av innverknad på svarfordelinga.

Oppsummert kan vi seie at det er geografiske skilje både på oppfatninga av i kva grad elevane kjenner til arbeidet i ungdomsrådet og i kva grad dei meiner at rådet har politisk innverknad. Desse svara skulle dermed reflektere det at ungdomsråd og arbeidet der er tett knytt til den geografiske eining det tilhøyrrer og at svara nok reflekterer den fokus det er på ungdomsråd rundt om i kommunane. Hovudinstrykket er at elevane har lita tru på at rådet har politisk innverknad, noko som også kan vere med å forklare at så få ser ut til å engasjere seg inn i arbeidet.

Men vi kan vidare sjå at dess betre kjennskap ein har til arbeidet i ungdomsrådet – dess større tru har ein også på at rådet har politisk innverknad (Tabell 25). Blant dei som svarar at dei kjenner arbeidet godt var det heile 57 % som meinte rådet hadde politisk innverknad. Blant dei som kjende arbeidet dårleg var det 57 % som meinte at rådet ikkje hadde politisk innverknad.

Tabell 25 Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunen din. Fordelt etter kor godt ein kjenner arbeidet i ungdomsrådet

	UR har innverknad	Verken-eller	UR har ikkje innverknad	I alt	
	%		%	%	Tal
Kjenner godt	57 %	26 %	18 %	100 %	120
Verken - eller	25 %	54 %	21 %	100 %	142
Kjenner dårleg	7 %	36 %	57 %	100 %	193
Tal	117	177	161		


Elevane si deltaking i ungdomsråda i kommunane

Elevane vart spurde om dei sjølve hadde vore representantar i ungdomsrådet. Vi viser svarfordelinga i Tabell 26. Vi ser der at det berre er eit mindretal av elevane (11 %) som sjølve har/har hatt røynsle som ungdomsrådsrepresentant. At talet er relativt lågt var ikkje overraskande – det er trass alt ikkje så mange plassar som representant i den enkelte kommune.

Tabell 26 Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din?

	Tal	Prosent
Ja	84	11 %
Nei	667	89 %
Total	751	100 %
Skulle ikkje svare	779	
Sum	1530	

I Figur 30 viser vi deltakinga fordelt etter økonomiske regionar. Også her må vi gjere merksam på at det hadde vore kommune som hadde vore den beste eininga, men at tala er for små til at vi kan bruke desse her. Vi brukar difor økonomisk region ut frå at det innan desse regionane pla vere samarbeid på mange område og at "kulturen" ofte kan vere relativt lik frå kommune til kommune innan same område.



Figur 30 Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din? Fordelt etter økonomisk region

Av i alt 751 elevar som svarta at det var UR i kommunen deira var det 84 (11,2%) som sjølve hadde vore/var representant i Ungdomsrådet. Vi ser at dette er ulikt fordelt på dei økonomiske regionane. Dette er ikkje overraskande, det var ingen grunn til å anta at


Ungdomsrådsrepresentantar skulle vere jamt fordelt utover. Men denne fordelinga har likevel nokre interessante trekk:

- Surna-regionen, som vi lenger framme såg merke seg ut ved at elevane der både hadde best kjennskap til om det fanst Ungdomsråd i kommunen, hadde størst tru på at ungdomsrådet hadde politisk innverknad og i størst grad meinte at dei hadde god kjennskap til arbeidet ungdomsrådet dreiv, kjem her ut som den region som har klart færrest elevar som har vore ungdomsrådrepresentantar.
- Når så elevar i denne regionen likevel er best orientert inn mot ungdomsrådet, må dette tyde på at ein i kommunane/lokalsamfunna her har makta ha eit langt større fokus på ungdomsrådet og kva dette kan vere enn t.d. i Ørsta/Volda regionen (som i denne figuren kjem ut med høgast %-del ungdomsrådsrepresentantar).

Dette tyder på at det ikkje er nok å ha ungdomsråd, det må vere ”aktivert” også: ha fått oppgåver/innverknad som gjer at det kan vise att lokalt.


Har elevane tru på ungdomsrådet?

Vi såg lenger oppe at det var dei som svara at dei kjende godt til arbeidet i ungdomsrådet som hadde størst tru på at rådet hadde politisk innverknad. Sameleis ser vi her at det er dei som sjølve har vore/er ungdomsrådrepresentantar som har størst tru på at rådet har politisk innverknad. Blant dei som sjølve har vore representantar er det 36 % som meiner rådet har politisk innverknad – mot 13 % for dei som ikkje sjølve er/har vore representantar.



Figur 31 Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din. Fordelt etter om ein meiner ungdomsrådet har politisk innverknad

Dette kjem endå klarare fram om vi ser på kor godt dei kjenner arbeidet i rådet. Har du vore eller er du representant så er det 62 % som meiner å kjenne godt til arbeidet, mot 12 % for dei som ikkje har vore/er representant.



Figur 32 Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din? Fordelt etter kor godt eleven kjenner arbeidet ungdomsrådet gjer

Vi har tidlegare vore inne på det at elevar flest ikkje kjenner særleg godt til ungdomsrådet og at svara kan tyde på at dei ikkje ser dette som særleg relevant organ. Her kan vi merke oss at 38 % av dei som sjølve er eller har vore representantar i denne type råd svarar at dei ikkje kjenner arbeidet godt. Anten skuldast dette at det er lenge sidan dei var representantar (men ut frå alderen er det lite truleg) eller så kan dette skuldast at arbeidet i rådet ofte ikkje vert opplevd som særleg interessant sjølv for dei som sit i rådet.

Kort oppsummering om ungdomsrådet

Er det reelt ulike måtar ein arbeider med ungdomsråd på i ulike kommunar/regionar? Svara tyder på dette. Er det i så fall muleg å finne ut meir om dette og bruke denne informasjonen for å gjere ungdomsråda til betre tenlege reiskap for å bygge interesse for breiare deltaking innan politikk og samfunnsliv? Konkret vil det vere interessant å sjå på kva (om noko i det heile)er det som skil arbeidet kring ungdomsrådet i Ørsta/Volda frå arbeidet i Surnadal?

Frå elevråd til politisk arbeid


”Jeg har stor tro på ungdomsråd som middel til å øke de unges interesse for å delta i lokalpolitikken” (Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa, 14.12.07)

Eit av dei interessante aspekta ved denne granskinga var at den gav oss høve til å sjå nærare på om der var samanhengar mellom det å vere elevrådsrepresentant, delta i ungdomsråd og vere politisk aktiv.

Vi har sett at 38 % av elevane har røynsle frå elevrådsarbeid, anten på ungdomsskulen, på vidaregåande eller på begge. Vidare at ca 11 % av elevane hadde røynsle frå ungdomsrådsarbeid.

Elevane vart vidare spurde om kva fritidsaktivitetar dei deltok – eller hadde delteke i. Her var politisk arbeid eitt av alternativa, og det var i alt 6,3 % av elevane som svarta at dei deltek – eller hadde delteke i politisk arbeid.

Dette gav oss høve til å sjå etter samanhengar her. Vi laga difor eit oppsett som viste om og i kva grad dei som hadde røynsle frå elevrådsarbeid og frå ungdomsråd ”gjekk vidare” og deltok i ungdomsråd eller vart politisk aktive. Vi viser resultatet i figuren nedanfor.



Figur 33 Rekruttering til deltaking. Om elevar med røynsle frå elevråd og/eller ungdomsråd oftare er politisk aktive enn elevar utan slik røynsle

Det første søyleparet (til venstre) viser samanhengen mellom å delta i elevråd og i ungdomsråd. Den svarte søyla viser at det er knapt 20 % av dei elevane som er eller har vore

elevrådsrepresentantar som også er med i kommunen sitt ungdomsråd (hausten 2007). Blant elevar utan slik røynsle utgjer desse berre 5 %. Med andre ord ser vi at ”det er klar samanheng mellom å vere aktiv i ungdomsrådsarbeid og å ha røynsle frå elevrådsarbeid”.

Det andre søyleparet viser i kva grad elevane er engasjert inn i politisk arbeid. Her ser vi at av elevane med bakgrunn frå elevrådsarbeid er det ca 10 % som også er aktive i politisk arbeid, mot 4 % for dei andre elevane.

Siste søyleparet viser samanhengen mellom å delta i ungdomsråd og å vere politisk aktiv. Her er det slik at heile 33 % av elevane som er med i kommunen sitt ungdomsråd også er politisk aktive – mot 9 % for elevar som ikkje deltek i ungdomsrådet.

Dermed kan vi hevde at materialet viser ein samanheng mellom elevrådsarbeid, ungdomsråd og det å vere politisk aktiv. Vi kan ikkje ut frå dette materialet seie noko om ”kva som bevirkar”, om det er røynsle frå elevrådsarbeidet som gjer at elevar går vidare og deltek inn i t.d. politisk arbeid, eller om det er politisk aktive som hyppigare engasjerer seg inn i elevrådsarbeid. Men tala for samanheng er så klare at dei ikkje kan ignoreras.

Dette er viktige signal å ta med seg inn i det arbeid som bl.a. fylket driv for å fremme deltaking og medverknad blant barn og unge. Det at så pass mange som er politisk aktive har bakgrunn frå elevrådsarbeid er eit signal om at ein må arbeide aktivt med elevrådsinstitusjonen slik at dette også kan bidra til opplæring i demokratisk arbeid. Vi såg at det var relativt stor andel av dei som deltok i elevråd som ikkje hadde fått opplæring i dette. Dei med elevrådsrøynsle frå vidaregåande skule skilde seg ut med å ha fått meir opplæring i dette arbeidet. Dette tyder på at skulane/skuleeigar er opptekne av dette og ser viktigheita av å gje god opplæring.

Men her ser vi og at det å gje god opplæring/skape gode erfaringar frå arbeidet kan vere viktig med tanke på deltaking i politiske fora også etter at skuletida er omme.

Vi merka oss vidare at det var geografiske skilje for spørsmåla som gjeld elevråd og ungdomsråd. Som vi sa var dette ikkje overraskande – ut frå at ungdomsråd (særleg) får sine vilkår fastsette lokalt. Dette gjer at det er behov for å sjå nærare på om og i kva grad arbeid med ungdomsråd vert lagt opp ulikt kringom i fylket – og om det er muleg å lære frå kvarandre.

Kven er politisk aktive?

Ut frå våre data kan vi seie at det ikkje ser ut til å vere særleg skilje mellom i kva grad gutar og jenter deltek i politisk arbeid. Vi kan heller ikkje peike på skilnader mellom fogderia – og tala vart for små til at vi kan bruke dei på region- eller kommunenivå.

Vi ser at det er ein viss variasjonar etter

- Elevane sitt karakternivå (”toppnivå”: 10,8 % er politisk aktive, ”under gjennomsnitt” 4,4 %)
- Eleven sin alder (7,1 % av elevane på 3. året er politisk aktive mot 4,8 % på 2. året)
- Studieretning (På allmennfag er 7,4 % politisk aktive mot 4,9 % på dei yrkesretta linjene)

Kor godt kjenner du til det Møre og Romsdal fylke gjer for ungdom?

Tabellen viser at der er ein samanheng mellom det å ha vore representant i elev- eller ungdomsråd eller å vere politisk aktiv og å ha god kjennskap til kva aktivitetar fylket satsar på. Dette skiljet er særleg merkbart for dei som er med i Ungdomsråd (26 mot 7 %) eller er politisk aktive (20 mot 8 %). Men også for elevrådsrepresentantane ser vi at dei er betre kjende med kva tilbod fylket har for ungdom.

Tabell 27 Kor godt kjenner du det arbeidet Møre og Romsdal fylke gjer for ungdom. Vist for dei som svara dei kjende arbeidet svært eller ganske godt. Fordelt etter om ein har vore representant eller ikkje

		Kjenner det svært/ganske godt
Elevrådsrepresentant	Ja	11 %
	Nei	7 %
Ungdomsrådsrepresentant	Ja	26 %
	Nei	7 %
Politisk aktiv	Ja	20 %
	Nei	8 %

Vidare kan vi sjå at der ser ut til å vere ein samanheng mellom det å vere engasjert i ungdomsrådsarbeid og det å ville verte buande i fylket.

- 36% av elevane frå kommunar med Ungdomsråd vil bu i kommunen/fylket etter vidaregåande mot 30% av elevane frå kommunar som ikkje har Ungdomsråd
- 32 % av elevane frå kommunar med Ungdomsråd vurderer det som svært sannsynleg at dei bur i heimkommunen etter 10-15 år mot 24 for elevane frå kommunar som ikkje har Ungdomsråd.

Heller ikkje her veit vi kva som ligg bak og forårsakar desse utslaga. Men det kan vere ein interessant tanke at det å kome nærare inn på og lære meir om lokale utfordringar gjennom å vere aktiv i ungdomsrådet kan vere med å knyte ungdomen sterkare til heimstad/heime region.

Vedlegg: Spørjeskjemaet som vart nytta

BAKGRUNN

- 1) I kva kommune er du busett?
(liste over alle kommunane i fylket)
- 2) Kjønn?
Gut Jente
- 3) Skole?
(liste over alle skulane)
- 4) Nivå?
Vg2 VKII
- 5) Studieretning/utdanningsprogram?
Studieførebuande/allmenne fag Yrkesfag

MEDVERKNAD

- 6) Har du nokon gong vore elevrådsrepresentant (anten på ungdomsskolen eller på vidaregåande skole)? *
 - Ja, på ungdomsskolen
 - Ja, på vidaregåande skole
 - Ja, både på ungdomsskolen og på vidaregåande skole
 - Nei, har aldri vore elevrådsrepresentant
- 7) Har du fått opplæring i elevrådsarbeid? (berre til dei som svara at dei hadde vore representant)
 - Ja Nei
- 8) Korleis var denne opplæringa? ? (berre til dei som svara at dei hadde vore representant)
 - Bra
 - Ganske bra
 - Verken bra eller dårleg
 - Ganske dårleg
 - Dårlig
 - Veit ikkje/inga meining
- 9) Kor godt vil du seie du kjenner til arbeidet som elevrådet gjer på skolen din?
 - Svært godt
 - Ganske godt
 - Verken godt eller dårleg
 - Ganske dårleg
 - Svært dårleg
- 10) Korleis vurderer du elevrådet sin innverknad på det som skjer på skolen din?
 - Stor innverknad
 - Nokså stor innverknad

- Verken stor eller liten innverknad
- Nokså liten innverknad
- Liten innverknad
- Veit ikkje

11) Er det ungdomsråd i kommunen din?

Ja Nei Veit ikkje

12) Korleis vurderer du ungdomsrådet sin innverknad på politiske vedtak i kommunen din? (dei som svara at det var UR i kommunen)

- Stor innverknad
- Nokså stor innverknad
- Verken stor eller liten innverknad
- Nokså liten innverknad
- Liten innverknad
- Veit ikkje

13) Kor godt vil du seie at du kjenner til det arbeidet som ungdomsrådet gjer? (dei som svara at det var UR i kommunen)

- Svært godt
- Ganske godt
- Verken godt eller dårleg
- Ganske dårleg
- Svært dårleg

14) Har du nokon gong vore med i ungdomsrådet i kommunen din? (dei som svara at det var UR i kommunen)

Ja Nei

15) Har du fått opplæring i ungdomsrådsarbeid? (dei som svara dei hadde vore med i UR)

Ja Nei

16) Korleis vurderer du denne opplæringa? (dei som svara dei hadde vore med i UR)

- Bra
- Ganske bra
- Verken bra eller dårleg
- Ganske dårleg

TRIVSEL OG TILHØYRING

17) Korleis trivst du på skolen?

- Svært godt
- Ganske godt
- Verken godt eller dårleg
- Ganske dårleg
- Svært dårleg

18) Korleis trivst du på heimstaden din (mindre område enn kommunen)?

- Svært godt
- Ganske godt
- Verken godt eller dårleg
- Ganske dårleg
- Svært dårleg

19) Korleis trivst du i kommunen din?

- Svært godt
- Ganske godt
- Verken godt eller dårleg
- Ganske dårleg
- Svært dårleg
-

FRITIDSAKTIVITETAR

20) Deltek du i ein eller fleire organiserte fritidsaktivitetar?

Ja, ein Ja, fleire Nei, ingen

21) Kva type fritidsaktivitet er dette? Fleire svar er mogleg. (svara på av dei som deltek i fritidsaktivitetar)

- Idrett/friluftsliv
- Musikk/kor/dans
- Politikk
- Religiøst arbeid
- Miljøorganisasjon
- Humanitært arbeid (Røde Kors, Norsk Folkehjelp o.l.)
- Speidergruppe/4H
- Anna

22) Korleis vurderer du ungdommane sin innverknad på dei vedtak som blir teke i den/dei fritidsaktiviteten/ane du er med på? (svara på av dei som deltek i fritidsaktivitetar)

- Stor innverknad
- Nokså stor innverknad
- Verken stor eller liten innverknad
- Liten innverknad
- Veit ikkje

23) Har du delteke i ein eller fleire organiserte fritidsaktivitetar tidlegare? (svara på av dei som ikkje deltek i fritidsaktivitetar)

Ja, ein Ja, fleire Nei, ingen

24) Kva type fritidsaktivitet var dette? Fleire svar er mogleg. (svara på av dei som har delteke i fritidsaktivitetar)

- Idrett/friluftsliv
- Musikk/kor/dans
- Politikk
- Religiøst arbeid
- Miljøorganisasjon
- Humanitært arbeid (Røde Kors, Norsk Folkehjelp o.l.)
- Speidergruppe/4H
- Anna

25) Korleis vurderer du ungdommane sin innverknad på dei vedtak som blir teke i den/dei fritidsaktiviteten/ane du var med på? (svara på av dei som har delteke i fritidsaktivitetar)

- Stor innverknad
- Nokså stor innverknad
- Verken stor eller liten innverknad
- Liten innverknad
- Veit ikkje

- 26) Kor godt kjenner du til utdanningstilbodet som er i Møre og Romsdal for ungdom etter vidaregåande skole (høgskoletilbod/teknisk fagskole/anna utdanning)?
- Svært godt
 - Ganske godt
 - Verken godt eller dårleg
 - Ganske dårleg
 - Svært dårleg
- 27) Kor godt kjenner du til jobbmoglegheitene (kva typar jobbar) som finst i Møre og Romsdal?
- Svært godt
 - Ganske godt
 - Verken godt eller dårleg
 - Ganske dårleg
 - Svært dårleg

FRAMTIDSPLANAR

- 28) Når du er ferdig med vidaregåande skole, kva skal du gjere då?
- Bli buande på heimplassen
 - Flytte til ein annan stad i Møre og Romsdal
 - Flytte til Oslo
 - Flytte til Trondheim
 - Flytte til Bergen
 - Flytte til Stavanger
 - Flytte ein annan plass i Noreg
 - Flytte til utlandet
 - Har ikkje bestemt meg enno/veit ikkje
- 29) Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10-15 år?
- Svært sannsynleg
 - Nokså sannsynleg
 - Lite sannsynleg
 - Svært lite sannsynleg
 - Veit ikkje
- 30) Dersom du skulle gi Møre og Romsdal fylke råd for å halde på ungdommen eller få utflytta ungdom til å flytte heim att, kva slags råd vil du gi?
-
-
- 31) Kva er viktigaste faktorane for deg for at du skal velje å busette deg i Møre og Romsdal i framtida (tre svar mogleg)?
- Ein interessant jobb som er relevant i høve utdanninga mi
 - Ein godt betalt jobb
 - Eit godt utdannings-/vidareutdanningstilbod
 - Nærleik til familie/heimstad
 - Nærleik til venner
 - Høve til deltaking i organiserte fritidsaktivitetar (kor, korps, idrett, humanitært arbeid etc)
 - Eit godt kulturtilbod
 - Høve til aktivt friluftsliv
 - Eit breitt servicetilbod i sentrum (kafear, butikkar, folkeliv)

- Gode kommunikasjonar til/mellom byane i fylket
- Attraktive bustadtomter
- Sentrumsnære leilegheiter/bustadar
- Anna:

32) Vil du anbefale venner utanfrå fylket å flytte til Møre og Romsdal?

- Ja
- Kanskje
- Nei
- Veit ikkje

33) Kor godt kjenner du til det Møre og Romsdal fylke (organisasjonen) gjer for ungdom i fylket?

- Svært godt
- Ganske godt
- Verken godt eller dårleg
- Ganske dårleg
- Svært dårleg

34) Har du høyrte om følgjande tilbod/prosjekt som Møre og Romsdal fylke har ansvar for?

- UNG
- Ungt entreprenørskap
- Ungdommens kulturmonstring
- Kultursekken
- Karriererettleiing
- God Helse
- Energiprogrammet
- hoppid.no
- Reiselivsprogrammet
- TimeEkspressen
- Ungdomskortet
- Heim for ein 50-lapp
- Bygdemobilisering
- Opptrappingsplan for psykisk helse
- Elev- og lærlingeombodet
- Ungdomspanelet
- Ungdommens fylkesting

TIL SLUTT

35) Er skolekarakterane dine:

- Langt over gjennomsnittet (mest femmarar og seksarar)
- Noko over gjennomsnittet (mest firarar og femmarar)
- Som gjennomsnittet (mest trearar og firarar)
- Noko under gjennomsnittet (mest toarar og trearar)
- Langt under gjennomsnittet (mest einarar og toarar)


36) Vil du fullføre den vidaregåande skolen?

Ja Nei Veit ikkje

37) Kva for vidare utdanning tek du sikte på? (Stilt til dei som svara dei ville fullføre)

- Vidaregåande skole/Fagbrev

- Teknisk fagskole
- Høgskole/universitetsutdanning (opp til 4 år)
- Lengre høgskole/universitetsutdanning, (meir enn 4 år)
- Veit ikkje



Hausten 2007 vart det gjennomført ei spørjegransking blant elevar i vidaregåande skule i Møre og Romsdal. Viktige tema i denne granskinga var medverknad, trivnad, fritidsaktivitetar, framtid i fylket, , kjennskap til fylkeskommunen sine satsingar og til utdannings- og jobbmulegheiter.

I denne rapporten vert det gått nærare inn på to tema: framtid i fylket og medverknad. Målet er å vise kjennskap til og vurdering av ulike tilhøve samt i kva grad desse varierer mellom fogderia, mellom økonomiske regionar i fylket og mellom skular. Rapporten får fram at det er ulike og interessante regionale skilje, skilje mellom dei ulike studieretningane, kjønn m.v.

Vi ser og at deltaking i elevråd og ungdomsråd ser ut til å henge nøye saman med det å vere politisk aktiv, noko som viser behovet for å ha gode strategiar for å bruke desse fora til å utvikle lokal medverknad.